



NYE VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Fellesnemnd for nye Volda kommune
Møtestad: Gymsalen, Folkestad skule
Dato: 07.02.2019
Tid: 15:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til dei respektive servicekontora i Hornindal og Volda.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.



NYE VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 7/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 8/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 9/19	Intensjonsavtale om samarbeid mellom den interkommunale barnevernstenesta og barnevernstenesta i Sande kommune
PS 10/19	Kommunal planstrategi for nye Volda 2020-2024. Oppstart av planarbeid
PS 11/19	Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Plan for nye Volda
PS 12/19	Orienteringssaker
OS 6/19	Nye vegsamband og helseføretaksgrense
OS 7/19	Kartlegging av tenester og eigedommar - Bjørke og Viddal - Grensejustering
OS 8/19	Referat frå styringsgruppemøte mellom Vanylven, Herøy og Ulstein - Blokk samarbeid - 17. januar 2019
OS 9/19	Unit4/Agresso - Volda 2020

PS 7/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 8/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Aina Øyehaug Opsvik	Arkivsak nr.:	2019/125
		Arkivkode:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/19	Fellesnemnd for nye Volda kommune	07.02.2019

INTENSJONSAVTALE OM SAMARBEID MELLOM DEN INTERKOMMUNALE BARNEVERNSTENESTA OG BARNEVERNSTENESTA I SANDE KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnd for nye Volda kommune vedtek den intensjonsavtalen som foreligg om samarbeid mellom den interkommunale barnevernstenesta og barnevernstenesta i Sande kommune.

Vedleggsliste:

1. Framlegg til intensjonsavtale
2. Forslag til avtale om samarbeid vår og haust 2019.
3. Brev om statlege midlar frå Fylkesmannen

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Sande kommune vurderer å slutte seg til den interkommunale barnevernstenesta. I forprosjektet til Interkommunal barnevernsteneste på Søre Sunnmøre var alle dei sju kommunane med. Etter kvart trakk Herøy, Sande og Vanylven seg ut. Sommaren 2018 tok kommunen kontakt med rådmannen i Volda og bad om ei vurdering av om Sande kommune kan slutte seg til den interkommunale barnevernstenesta.

Det var møte mellom representantar for Sande kommune ved ordførar, rådmann og konstituert leiar for barnevernstenesta, ordføraren i Volda og barnevernssjef for den interkommunale barnevernstenesta i september 2018. Der vart det utveksla informasjon før ein gjekk kvar til sitt for å gjere egne vurderingar.

Oktober 2018 fekk Volda kommune eit brev frå ordførar i Sande kommune der dette kom fram:

Sande kommunestyre gjorde følgende vedtak i k.sak 38/18:

Pkt 2:

Sande kommune tek i mot invitasjonen frå Volda kommune om å føre avklarande samtalar om barnevernstenester før endelig vedtak om barneverntenesta vert fatta. Ordførar, rådmann og barnevernssleiar deltek i samtalan med Volda kommune. Rådmannen får i oppdrag å utgreia eit lokalt alternativ som kan omfatta t.d. barnevern, flyktingtenesta, kommunepsykolog, kultur, PPT, helsestasjon.

I desember 2018 vart saka drøfta med rådmennene i eigarkommune og det var møte mellom Sande kommune og Volda kommune. Det vart bestemt at Sande kommune skulle utarbeide eit forslag om ein intensjonsavtale som skulle gjelde fram til sommaren 2019 med mål om å legge fram sak for kommunestyra med framlegg til vedtak om at Sande kommune går inn i den interkommunale barnevernstenesta frå 01.01.2020.

Fylkesmannen er positiv til at barnevernstenestene slår seg saman og har løyvd midlar til ei styrking av den interkommunale tenesta med 50 % stilling frå 01.01.2019.

Saksopplysningar/fakta:

Sande kommune

- I Sande kommune er det 380 barn i alderen 0-17 år.
- Bekymringsmeldingar mottatt siste halvår 2018 er 8.
- Tal born i hjelpetiltak (i heimen) er 28 born.
- Tal born i fosterheim er 3 born.
- Tal barn plassert i fosterheim i Sande kommune (tilsynsbarn) er 4 born.
- Tal stillingar i barnevernstenesta er 2,7 stilling, 0,4 stilling er øymerka til tiltak i heimen.

I kommunen er det fem barnehagar og ein barnehage i Gursken oppvekstsenter. Der er fire skuler, samt ein skule i Gursken oppvekstsenter og ein privatskule.

Reisetid frå Volda sentrum til Larsnes er ca 40 minutt. Det er to ferjereiser internt i kommunen for å nå fram til barna som bur på øyer i kommunen.

Sande kommune har vore i ein prosess med Herøy og Vanylven kommunar om å gå saman i eit felles barnevernsteneste. Sande kommune trakk seg ut av denne prosessen og har no vendt seg til den interkommunale tenesta for samarbeid.

Den interkommunale barnevernstenesta sin noverande situasjon

Tenesta har ansvaret for barnevernstenesta for fem kommunar. Frå 2020 fire kommunar, når Hornindal og Volda kommunar vert ei kommune. Samla sett har våre kommunar hatt ei jamt auka saksmengd sidan vi vart interkommunale. Tal meldingar har auka med om lag 100 frå 2015 og fram til i dag. Tenesta arbeidar målbevisst med å evaluere sitt eige arbeid og har siste åra hatt fokus på å styrke oppfølging av fosterheimar og tilsyn med fosterbarn.

Det tenesta erfarar er at det er krevjande å administrere barnevernet for fem kommunar som er ulikt organisert og som alle har krav på og fokus på å få informasjon om sine «eigne» born. Dette fører til at arbeid med budsjett og økonomirapportering krev mykje tid og kan vere komplisert.

Tverrfagleg arbeid er særskilt viktig for det einskilde barnet i barnevernstenesta og derfor også viktig på overordna nivå. Det har vist seg å krevje mykje tid for barnevernssjefen å halde kontakt med det tverrfaglege miljøet på leiarnivå i kommunane. Det er også krevjande for den einskilde tilsette i barnevernstenesta å halde orden på korleis den einskilde kommunen er organisert i høve andre tenester retta mot barn og unge og foreldre. Tenesta har frå si etablering lagt vekt på å vie dette arbeidet tid og fokus og ser at det har vore nyttig for oss og har gitt oss eit godt grunnlag å arbeide vidare på.

Barnevernstenesta leiger for tida 38 kontor på Volda rådhus. For tida har 42 tilsette sin arbeidsplass i desse lokala. Seks tilsette deler for tida kontor og to tilsette har ikkje fast kontorplass, men må nytte seg av kontor som står ledige i samband med ferie, avspasering, sjukdom, tenestereiser og liknande til andre tilsette. I lengda er dette svært lite tilfredsstillande arbeidsforhold i ein krevjande arbeidskvardag. Desse faktorane er med i eit arbeid som er i gong med sikte på å løyse plassmangel på Volda rådhus i samband med Nye Volda.

Barnevernstenesta leaser for tida sju bilar. Saksarbeidet krev mykje køyring og ein erfarer at tilsette av og til må nytte eigne bilar for å få utført arbeidet sitt fordi tilgangen på ledige bilar kan være knapp.

Samarbeid 2019

Det er lagt fram eit forslag til intensjonsavtale. Denne viser til eit ynskje om å samarbeid mellom tenestene til det beste for brukarar, tilsette og kommunane som politiske og administrative einingar. Formålet er å etablere eit formalisert samarbeid 01.01.2020.

Avtalen sitt pkt 3.6 seier: Avtalen omhandlar prosessen for førebuing av avgjerdsgrunnlag for vertskommune med siktemål om at Sande kommune deltek i det interkommunale samarbeidet for Søre Sunnmøre med Volda som vertskommune. Vertskommuneavtalen må godkjennast av fellesnemnda for nye Volda kommune og kommunestyra i samtlege samarbeidskommunar.

Leiarane i dei to barnevernstenestene har utarbeidd eit framlegg til samarbeidsavtale som skal leggest fram i møte med tillitsvalde og leiarteam 08.03.19.

Statlege styrkingsmidler

I samband med opplysningar frå våre kommunar til Fylkesmannen om at ein vil inngå ein intensjonsavtale om å opprette interkommunalt samarbeid, har Fylkesmannen tildelt statlege midlar for 2018 tilsvarande 50% stilling til å nytte til arbeidet med samanslåingsprosessen.

Vurdering og konklusjon:

Fagleg er tenesta klar for å utvide til fleire kommunar. Den interkommunale tenesta sine erfaringar etter ein starta opp i 2014 er at kompleksiteten i saksarbeidet, dei aukande krava til kommunal barnevernsteneste og nye oppgåver i samband med barnevernsreformen, gjer det naudsynt å bygge robuste tenester. Tenesta kjenner derfor på solidaritet med Sande kommune sitt behov for å få gå inn i vår teneste og ser at vi har bygd opp ei erfaring som vil kunne kome barna i Sande til nytte.

Det er soleis muleg å ta inn Sande i vår teneste, men der er økonomiske og praktiske utfordringar som må løysast.

Det er derfor positivt at ein tek eit steg om gongen og legg opp til ein intensjonsavtale i forkant. Dette gjer det muleg for begge tenestene å førebu seg på eit eventuelt tettare samarbeid og samanslåing frå 2020.

[Sjekkliste for kommuneplan, samfunnsdelen. Slett linken etter bruk.](#)

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

Helse og miljøkonsekvensar:

Det er eit gode for barn og unge at ein skaper robuste fagmiljø som er rusta til å kunne sette inn gode tiltak i rett tid til dei som treng det. At barn og unge får hjelp i rett tid vil gi helse, miljø og samfunnsmessige innsparing i framtida.

Økonomiske konsekvensar/Beredskapsmessige konsekvensar:

Den interkommunale barnevernstenesta vurderer at for å kunne ta inn ei kommune til i tenesta må ein styrke administrasjonen i tenesta med ei nestleiarstilling. Det vil vere også behov for å lease to bilar til.

Kontorsituasjonen i tenesta må arbeidast med fram til ei eventuell samanslåing. Her kan ulike løysningar vere aktuelle og dette må løysast i samarbeid mellom kommunane og tillitsvalde.

Det er viktig å finne gode løysningar for innbyggjarane i Sande kommune når dei skal møte tenesta, her må kommunane samarbeide om gode ordningar.

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

DENNE INTENSJONSAVTALEN er inngått MELLOM partane:

- (1) Volda kommune 939 760 946, som vertskommune, og
- (2) Sande kommune 822 534 422, som samarbeidskommune.

1 FORMÅL

- 1.1 Denne intensjonsavtalen er ei erklæring på at nye Volda kommune og Sande kommune har eit ynskje om å samarbeide om barneverntenesta til beste for brukarar, tilsette, og kommunene som politiske og administrative einingar.
- 1.2 Intensjonsavtalene er inngått med sikte på at eit formalisert samarbeid er etablert 01.01.2020.

2 FORVENTNINGAR TIL PARTANE I INTENSJONSPERIODA

- 2.1 Nødvending representasjon i komande prosessar som sikrar effektiv avklaring og nødvendig administrativ og politisk forankring på viktige mileepælar.
- 2.2 At komade prosessar med å samordne barneverntenesta i ein organisasjon fyl spelereglane i lov- og avtaleverk.
- 2.3 Barnevernet i Sande kommune vil i intensjonsperioden ha høve til å delta på relevante møte og fagsamlingar til det interkommunale barnevernet i Volda.
- 2.4 Dekning og deling av kostnadar som påløper som følge av denne avtalen vert fortløpande avklart og avtalt mellom partane.

3 NOKRE VIKTIGE RAMMER FOR EIT FRAMTIDIG SAMARBEID

- 3.1 Volda kommune vert vertskommune og Sande kommune vert ei samarbeidande kommune.
- 3.2 Partane legg til grunn at reglane om verksemdoverdraging vert gjeldande i eit vertskommunesamarbeid eller tilsvarande.
- 3.3 Partane legg til grunn at eit formalisert samarbeid i all hovedsak kan etablerast innanfor dagens økonomiske rammenivå for drifta av barnevernstenesta for dei samarbeidande kommunane.
- 3.4 Partane legg til grunn barnevernteneste må ha tilgang til nødvendige fasilitetear for brukarmøter og andre arbeidsrelatert gjeremål på rådhsuet i Sande.
- 3.5 Partane er samde om at barneverntenesta må fortsette å bidra til eit godt tverrfaglig samarbeid med andre kommune tenester og andre viktige samarbeidspartnarar.
- 3.6 Denne avtalen omhandlar prosessen for førebuing av avgjerdsgrunnlag for vertskommune med siktemål om at Sande kommune deltek i det interkommunale samarbeidet for Søre Sunnmøre med Volda som vertskommune. Vertskommuneavtalen må godkjennast av fellesnemnda for nye Volda kommune og kommunestyra i samtlege samarbeidskommunar.
- 3.7 Denne intensjonsavtalen vert godkjent av fellesnemnda for nye Volda og Sande formannskapet. Dei samarbeidande kommunane vert haldne løpande orientert i intensjonsperioden.

Larsnes / Volda den xxxxx 2018

Ordførar Sande

Leiar for fellesnemnda nye Volda

Avtale om samarbeid mellom barnevernstenesta i Sande kommune og interkommunal barnevernsteneste i 2019.

Våren (intensjonsavtale perioden, om denne vert vedteke politisk)

månad	Møte	Deltakarar
januar	Eigarmøte i interkommunal teneste 29.01.19.	Ordførar, rådmenn og barnevernsleiar i Sande. Ordførarar, rådmenn, sektorleiarar i eigarkommunane leiarteam i interkommunal barnevernsteneste.
februar		
mars	Fagdag interkommunal teneste 06.03.19	Tilsette i begge tenestene.
	Møte 08.03.19	Barnevernsleiarar og tillitsvalde
april	Personalmøte i interkommunal teneste.	Tilsette i begge tenestene.
	Rettleiing med barnevernssjef månadleg startar opp.	Barnevernsleiar i Sande
mai	Tverrfagleg ressursmøte i Sande 22.05.19	Tverrfagleg ressursteam Sande og barnevernssjef i interkommunal barnevernssteneste.

Haust (om samanslåing av tenestene vert vedteke)

Barnevernsleiar i Sande tek del på leiarmøte når ho har høve til det. Tilsette i Sande tek del på personalmøter kvar månad. Tilsette i Sande vert også invitert til evt. oppfølgande evalueringsdag.

Månad	Møte	Deltakarar
August	Blåtur med fagdag 29.08.19-30.08.19.	Tilsette i begge tenester.
September	Eigarmøte 27.09.19.	Ordførar, rådmann og barnevernsleiar i Sande. Ordførarar, rådmenn, sektorleiarar i eigarkommunane leiarteam i interkommunal barnevernsteneste.
	Møte (enno ikkje datert)	Tillitsvalde og leiarar i begge tenester.
Oktober	Fagdagar teamvise	Tilsette begge tenester.
November		
Desember	Møte (enno ikkje datert)	Tillitsvalde og leiarar i begge tenester.

Dato:

Leiar barnevernstenesta Sande kommune Leiar interkommunal barnevernstenesta Tillitsvalde.

Avtale om samarbeid mellom barnevernstenesta i Sande kommune og interkommunal barnevernsteneste i 2019.



Volda kommune Økonomiavdelinga
Stormyra 2
6100 VOLDA

Volda kommune – satsing på kommunalt barnevern 2018 – utbetaling av midlar

Vi viser til tidlegare tildeling av øyremerka midlar til styrking av barneverntenesta i Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta og Hornindal med Volda kommune som vertskommune med til saman 6 stillingar. Stortinget vedtok vidareføring av styrkinga av kommunalt barnevern også for 2018, og vertskommunen Volda fekk utbetalt midlane til dette tidlegare i 2018.

Stortinget vedtok å løyve midlar til ytterlegare ei stilling i Møre og Romsdal frå 2018. Fylkesmannen vil nytte midlane til å støtte opp om etablering av interkommunale samarbeid om barneverntenester. Kommunane Sande og Volda skal inngå ein intensjonsavtale om å opprette interkommunalt vertskommunesamarbeid om barneverntenester frå 2020. Kommunane har informert Fylkesmannen om at dei i 2019 skal arbeide med samanslåingsprosessen samt starte eit fagleg samarbeid.

På bakgrunn av opplysningar frå kommunane Volda og Sande, tildeler Fylkesmannen midlar for 2018 tilsvarende 50% stilling, jf. rundskriv Q-31/2014 og supplerande tildelingsbrev av * til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Føresetnaden for tildelinga er at midlane blir nytta til arbeidet med samanslåingsprosessen og til oppstart av fagleg samarbeid mellom tenestene.

Stilling	Beløp
Tildeling av 50% stilling	387 734,25

Kontroll av tilskotsmottakarar og dokumentasjon

Fylkesmannen har høve til å kontrollere at midlane vert nytta etter føresetnadene, jf § 10, 2. ledd i Bevilgningsreglementet. Fylkesmannen gjer også merksam på at Riksrevisjonen har høve til å kontrollere om tilskot eller bidrag av statsmidlar til offentlege eller private verksemder vert nytta etter føresetnadene. Dette er heimla i Lov om Riksrevisjonen § 12, 2. ledd.

Tilskotet kan stansast heilt eller delvis dersom tilskotet ikkje vert nytta i samsvar med tildelingskriteria som er omtalt i retningslinjer og tilsegnsbrev.

Rapportering

Kommunane skal rapportere pr. 30.06.2018 og 31.12.2018, jf. halvårsrapporteringsskjema som kommunane alt brukar.

Tilskotet vert utbetalt med det første og er merka med «styrking av kommunalt barnevern».

Med helsing

Alv Walgermo (e.f.)
Utdanningsdirektør

Reidun Nedrebø

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Volda kommune Økonomiavdelinga Stormyra 2 6100 VOLDA



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Berit Sandvik Skeide	Arkivsak nr.:	2019/31
		Arkivkode:	140

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
10/19	Fellesnemnd for nye Volda kommune	07.02.2019

KOMMUNAL PLANSTRATEGI FOR NYE VOLDA 2020-2024. OPPSTART AV PLANARBEID

Administrasjonen si tilråding:

1. Fellesnemnda for nye Volda sluttar seg til vurderinga i saksutgreiinga knytt til utarbeiding av felles planstrategi for nye Volda kommune, og tek til vitande statstilskot som er gitt til planstrategi og kommuneplanarbeid for nye Volda vert nytta til formålet.
2. Fellesnemnda for nye Volda kommune ber om at det vert utarbeidd analyse- og utfordringsdokument og heilskapleg ROS som grunnlag for kommunal planstrategi og samfunnsdel for nye Volda kommune.
3. Fellesnemnda for nye Volda ber om at forslag til felles kommunal planstrategi vert utarbeidd og lagt fram for handsaming august/september 2020.

Vedlegg, prenta:

1. Brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 9.11.2018. Tildeling av skjønnsmidlar.

Vedlegg, ikkje prenta:


1. Kommuneplan for Hornindal, vedteken i kommunestyret i 2004.
2. Kommuneplan for Volda, Samfunnsdelen 2016-2028. Godkjent 26.5.2016.
2. Kommunal planstrategi for Volda kommune 2016-2019. Godkjent 2.3.2017.

Bakgrunn:

Hornindal kommune og Volda kommune skreiv 20. juni 2016 under intensjonsavtale om samanslåing av kommunane. Det vart oppretta ei politisk fellesnemnd som skal fungere som kommunestyre for prosjektet «nye Volda» fram til kommunane vert slått saman 01.01.2020. Fellesnemnda skal planlegge og førebu kommunesamanslåinga av Hornindal og Volda fram til nytt kommunestyre vert konstituert.

Den nye kommunen har fått namnet Volda.

Kommunestyret skal minst ein gong kva valperiode, og seinast eitt år etter nytt kommunestyre er konstituert, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi, jf. Plan- og bygningslova § 10-1.



Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet.

Planstrategien er ikkje ein plan, men eit verktøy for å prioritere behovet for planar. Strategien er ikkje juridisk bindande. Den er retningsgjevande for kommunen si prioritering av planoppgåver. Nye mål og strategiar er ikkje ein del av planstrategien. Planstrategien bør gjere greie for utviklingstrekk og utfordringar knytt til samfunnsutvikling og miljø. Strategien bør drøfte ulike strategiar for å forme samfunnet og korleis ein skal møte framtida sine utfordringar. På bakgrunn av skildringa, skal planstrategien ta stilling til kva planar som må utarbeidast eller rullerast, for å leggje til rette for ønskt utvikling i kommunen.

Planstrategien er også eit første ledd i kommunen si langsiktige samfunnsplanlegging. Strategien er ein viktig arena for å drøfte og avklare behov for interkommunal planlegging (t.d. samfunnsplanlegging, arealplanlegging og tenesteyting).

Saksopplysningar/fakta:

Planstatus:

Hornindal kommune

- Kommuneplan for Hornindal, vedteken i kommunestyret i 2004.
Planen består av tre delar:
 - Del 1. Analyse og utfordringsdel.
 - Del 2. Mål og strategidel.
 - Del 3. Arealplan – teksthefte og kart.

Hornindal kommune har ikkje kommunal planstrategi.

Volda kommune

- Kommuneplan - samfunnsdel 2016-2028, vedteken i kommunestyret i mai 2016.
- Kommunal planstrategi 2016-2020, vedteken i kommunestyret i mars 2017.
- Kommuneplan – arealdel. Oppstart i 2016. Er under utarbeiding.

Skjønnsmidlar:

Fylkesmannen har som målsetjing at alle kommunane i Møre og Romsdal skal ha ein oppdatert planstrategi innan utgongen av 2020, og ny samfunnsplan (kommuneplanen sin samfunnsdel) innan utgongen av 2021.

Nye Volda kommune har fått 500 000 kr i skjønnsmidlar til arbeid med ny kommunal planstrategi og ny samfunnsdel. Midlane er øyremerka, og må førast opp som bundne fond i årsrekneskapen, slik at kommunen kan bruke midlane til arbeidet med planstrategi og kommuneplan dei neste 2-3 åra.

Analyse- og utfordringsdokument

Den nye kommunen har store og viktige oppgåver innan samfunnsutvikling, lokaldemokrati, utøving av mynde og som leverandør av ulike velferdstenester. Norge er forplikta på måltal for reduksjon av klimagassar, og det vert drøfta innføring av klimarekneskap i kommunane, og planverktøy knytt til dette vil vere ei av utfordringane for den nye kommunen. Det er på alle desse områda trong for eit godt og heilheitleg kunnskapsgrunnlag når ein skal utarbeide kommunal planstrategi for nye Volda.

Ein del kommunar utarbeider analyse- og utfordringsdokument som grunnlag for den politiske diskusjonen knytt til planbehovet. Volda kommune har tidlegare m.a. i samband med samfunnsdelen, utarbeidd utfordringsnotat.

Det er fleire kommunar som innrettar kommuneplanlegginga til FN sine berekraftmål, ev ei tilpassing til desse. Dette vert å vurdere nærare i høve til kva planar som skal prioriterast i planstrategien.

Heilskapleg ROS for nye Volda kommune

Volda kommune sin heilskaplege ROS er frå 2013. Hornindal og Stryn kommune utarbeidde heilskapleg ROS i 2014/2015. Planen vart godkjend 30.4.2015. Ein bør no utarbeide heilskapleg ROS for nye Volda. Heilskapleg ROS vil også vere eit viktig grunnlagsdokument for kommunal planstrategi. Administrasjonen har fått klarsignal frå Fylkesmannen på at skjønnsmidlane kan nyttast til arbeidet heilskapleg ROS.

Framdriftsplan

Førebels forslag til framdriftsplan:

Tidspunkt	Aktivitet
Februar 2019	Sak til Fellesnemnda. Vedtak om oppstart av planarbeid.
Februar - juni 2019	Utarbeiding av analyse- og utfordringsnotat.
Oktober/november 2019	Presentasjon av analyse- og utfordringsnotat. Godkjenning av heilskapleg ROS.
November/desember 2019 – vår/sommar 2020	Utarbeiding av forslag til kommunal planstrategi. Innhenting av synspunkt frå statlege og regionale mynde og nabokommunar.
Mai/juni 2020	Forslag til kommunal planstrategi. Kunngjering i minst 30 dagar før handsaming i kommunestyret.
Juli/august 2020	Gjennomgang. Vurdering.
August/september 2020	Kommunestyret godkjenner kommunal planstrategi.

Vurdering og konklusjon:

Prosjektleder for nye Volda meiner det bør utarbeidast eit analyse- og utfordringsdokument som grunnlag for kommunal planstrategi og samfunnsdel for nye Volda kommune. Dokumentet vil også gi administrativ og fagleg oppdatering av fakta og utfordringar som vil prege kommunen komande år. Samstundes bør det utarbeidast heilskapleg ROS for nye Volda kommune. Dette vil vere eit viktig grunnlag for utarbeiding av planstrategi for nye Volda.

Sektor for utvikling har avgrensa planfaglege ressursar 1. halvår 2019, og prosjektleder for nye Volda rår til at ein brukar av skjønsmidlane frå Fylkesmannen til analyse/utfordringsdokument leige av konsulent til utarbeiding av heilskapleg ROS, kommunal planstrategi og samfunnsdel for nye Volda.

Fellesnemnda forventar at analyse- og utfordringsnotatet vert presentert i oktober/november 2019.

Utskrift:

Utviklingssektor

Økonomisjefen

Kommunalsjef for samfunnsutvikling



Volda kommune

Stormyra 2

6100 VOLDA

Volda kommune - tildeling av skjønnsmidlar 2019, restmidlar 2018

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er i ferd med å leggje om rutinane for tildeling av skjønnsmidlar. I praksis betyr det at Fylkesmannen allereie no har tildelt heile skjønnsramma for 2019, med unntak av ein pålagt krisepott. Samtidig legg vi om slik at kvar kommune får eit særskilt og samordna brev frå Fylkesmannen om dei skjønnsmidlane som er tildelt eigen kommune for komande budsjettår. For kommunane vil dette vere meir føreseieleg i forhold til arbeidet med budsjett og handlingsplanar.

Året 2019 blir derfor eit overgangsår til ny ordning for tildeling av skjønnsmidlar. Det blir no berre ein søknadsfrist om skjønnsmidlar og prosjektskjønn, mot tidlegare to. Søknadsfristen vil vere omlag 1. juni, og vil gjelde skjønnsmidlar for budsjettåret 2020. Det vil kome eit eige brev om dette i løpet av 1. kvartal 2019.

Tildelte skjønnsmidlar til Volda kommune for 2019 utgjer 1,85 millionar kroner. I tillegg kjem kr. 650 000 frå siste tildelingsrunde av skjønnsmidlar for 2018.

Nedanfor vil vi gå gjennom ulike tilskot og forventningar knytt til dei einskilde prosjekta.

1) Ny kommune 2020 – 1 million kroner. Avsluttast i 2019

Alle nye kommunar får innvilga 1 million kroner kvart år fram til og med 2019. Fylkesmannens runde til alle nye kommunar hausten 2018 er ein del av oppfølginga av desse skjønnsmidlane.

Kontaktperson hos Fylkesmannen:

Seniorrådgivar innovasjon og samordning Vigdis Rotlid Vestad, tlf. 71 25 84 47

2) Folkevaldopplæring - kr 100 000

Eit godt kunnskapsgrunnlag er viktig for folkevalde som skal inn i dei nye kommunestyra. Frå 01.01.2020 består Møre og Romsdal av 26 kommunar. Berekraftige kommunar betyr mykje for vidare utvikling av vårt fylke. Gjennom prosjektet *Møre og Romsdal som region mot 2025* er det og særskilt viktig at folkevalde kjenner godt til fylket sine moglegheiter og utfordringar inn i eit nytt regionlandskap med 11 fylke.

Volda kommune får derfor innvilga kr 100 000 for å sikre god opplæring av nye folkevalde. Fylkesmannen er særskilt opptatt av at skjønnsmidlane skal gå til opplæring i fagområde som

kjem i tillegg til det som KS tilbyr. For eksempel er det viktig at alle folkevalde har god innsikt i korleis dei kan styre gjennom planarbeid. Dette omfattar også god kjennskap til dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging. Nasjonal jordvernstrategi er eit av fleire viktige tema.

Vi vil be om ein kort rapport for gjennomført folkevaldopplæring pr 31.12.2019

Kontaktperson hos Fylkesmannen:

Direktør for Justis og beredskap: Helge Mogstad, tlf. 71 25 84 44

3) Barnevernsvakt - kr 750 000. Avsluttast i 2019

Fylkesmannen har i 2018 og 2019 prioritert skjønnsmidlar slik at alle kommunane i Møre og Romsdal får etablert barnevernsvakt. Volda kommune har allereie etablert ei slik barnevernsvakt i lag med fleire nabokommunar. Kommunen får innvilga det same beløpet i 2019 som i 2018. Dette for å sikre etablering av ei godt fungerande og moderne barnevernsvakt. Fylkesmannen ber om skriftleg tilbakemelding på status pr. 31.12.2018, og like eins pr. 31.12.2019.

Kontaktperson hos Fylkesmannen: Fagkoordinator barnevern Heidrunn Avdem, tlf. 71 25 85 42

4) Helseplattform - kr 1 million kroner. (Utbetalast til Ålesund kommune)

Går over 3 år; 2019-2020-2021. Arbeidet med Helseplattforma er allereie godt i gang, og gjennom statsbudsjettet for 2019 er det foreslått at prosjektet også får nasjonal støtte. « Ein innbyggjar – ein journal» er det nasjonale målet, og alle dei 84 kommunane i Midt-Noreg har signert opsjonsavtale. Både Fylkesmannen i Trøndelag og fylkesmannen i Møre og Romsdal går no inn med midlar i prosjektet. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har for 2019 tildelt til saman 4,2 millionar kroner til Helseplattformprosjektet. Desse midlane fordeler seg slik:

- Kommunane i Romsdal: 1 million kroner. Blir utbetalt til Molde kommune.
- Kommunane på Nordmøre: 1,2 millionar kroner. Blir utbetalt til Kristiansund kommune *)
- Nye Ålesund kommune: 1 million kroner. Blir utbetalt til Ålesund kommune
- **Dei øvrige kommunane på Sunnmøre: 1 million kroner. Blir utbetalt til Ålesund kommune.**

Midlane skal dekke løn, reising og kursing for ein 100% stillingsressurs i Helseplattformprosjektet i kvar region, samt ein 100 % stillingsressurs til nye Ålesund sidan dei er fem kommunar som byggjer ein ny kommune. Fylkesmannen tar sikte på å støtte opp med midlar både i 2020 og i 2021, under føresetnad av at framdrift i forhold til prosjektplanen.

*) Kommunane på Nordmøre har fått innvilga kr 200 000 ekstra (frå restramma i 2018, men som gjeld for 2019) for å ivareta ein koordinerande funksjon for arbeidet med Helseplattforma i Møre og Romsdal. Fylkesmannen har behov for at ein av aktørane tar på seg eit koordineringsansvar både for rapportering om status og bruk av midlar til Fylkesmannen, samt sikre felles framdrift for heile Møre og Romsdal. Det er også uttrykt ønske frå prosjektleiinga i Trondheim om ein kontaktperson frå Møre og Romsdal som kan koordinere prosjektet der det er hensiktsmessig. Koordinering av alle fire

prosjektmedarbeidarane her i fylket er ein del av oppdraget som ein av kommunane på Nordmøre blitt beden om å ta på seg.

Kontaktperson hos Fylkesmannen: Fylkeslege Karin Müller Mikaelsen, tlf. 71 25 85 92

I siste fordeling av skjønnsramme for 2018 er Volda kommune tildelt følgende:

**5) Arbeid med ny kommunal planstrategi og ny samfunnsplan for nye Volda kommune
– kr. 500 000**

Vi viser til plan- og bygningslova § 10-1, der kommunestyret innan det første året i ny valperiode skal ha vedtatt ein kommunal planstrategi. Fylkesmannen ser dette som et særskilt viktig arbeid i nye kommunar. Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunens strategiske val knytt til både kommunen som samfunn og som organisasjon, samt vurdering av kommunens samla planbehov i valperioden.

Planstrategien vil samstundes vere eit første ledd i kommunens langsiktige samfunnsplanlegging. Her viser vi til PBL § 11-2 om arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel. Med kommuneplanen som eit viktig politisk og administrativt styringsverktøy vil krav til oppdatering vere avgjerande. Det er ei målsetting frå Fylkesmannen at alle kommunane i Møre og Romsdal skal ha ein oppdatert planstrategi innan utgangen av 2020, og ny samfunnsplan (kommuneplanens samfunnsdel) innan utgangen av 2021. Dette er i tråd med oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om vidare arbeid med kommunestruktur, og arbeid med regionale og kommunale utfordringsbilde.

Midla som er løyvde er øyremerka, og må først opp som bundne fond i årsrekneskapen slik at kommunen kan bruke desse til arbeidet med planstrategi og kommuneplan dei neste 2-3 åra.

Kontaktperson hos Fylkesmannen: Samordnar Sveinung Dimmen, tlf. 71 25 84 20

6) Generell vurdering – kr 150 000

Her har vi fordelt ein sum ut i frå ei totalvurdering av kommunen sin økonomi.

Vi ønskjer lykke til med alle prosjekta!

Med helsing
Lodve Solholm (e.f.)
fylkesmann

Rigmor Brøste

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:
HORNINDAL KOMMUNE

Postboks 24 6761 HORNINDAL



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Berit Sandvik Skeide	Arkivsak nr.:	2018/1255
		Arkivkode:	144

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/19	Fellesnemnd for nye Volda kommune	07.02.2019

KOMMUNEDELPLAN FOR FYSISK AKTIVITET OG ANLEGG FOR IDRETT, FRILUFTSLIV OG NÆRMILJØ. OPPSTART AV PLANARBEID

Administrasjonen si tilråding:

- Fellesnemnda for nye Volda vedtek å starte arbeidet med kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for 2020-2024, jf. § 11-1 i plan- og bygningslova.
- Fellesnemnda ber om at det vert utarbeidd framlegg til planprogram, som skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13.

Vedlegg:

1. Tematisk kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015-2018 med vedlegg, Hornindal kommune.
2. Handlingsplan for 2019, Hornindal kommune.
3. Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2014-2019, Volda kommune.
4. Kommunal prioritering av spelemiddelsøknader for 2019, Volda kommune. Sak til forvaltningsutvalet.

Bakgrunn:

Alle anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som det vert søkt om spelemidlar til, må vere innarbeidd i ein kommunal plan. Prosessen og planen skal følgje plan- og bygningslova sine bestemmelsar. Planen skal vere underlagt politisk styring i kommunen. Målet med

planen er å ha ein politisk vedteken og oppdatert langsiktig plan for utvikling av idrettsanlegg.

Saksopplysningar/fakta:

Frå 1.1.2020 vert Hornindal og Volda slegne saman til ei kommune. Volda kommune starta arbeidet med utarbeiding av ny kommunedelplan hausten 2018. Administrasjonen ser i ettertid at det bør utarbeidast kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for *nye Volda*. Hornindal kommune har sagt seg samd i denne vurderinga.

Planstatus

Hornindal kommune har kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for perioden 2015-2018. Planen vart godkjent i 2015.

Planen har fem vedlegg.

- Handlingsplan – ordinære anlegg 2015-2018
- Handlingsplan – nærmiljøanlegg 2015-2018
- Handlingsplan – friluftstiltak 2015-2018
- Liste – uprioriterte anlegg
- Anleggsregister – Hornindal kommune

Handlingsprogrammet har vorte rullert årleg. Hornindal har godkjent handlingsplan for ordinære anlegg, nærmiljøanlegg og friluftstiltak for 2019.

Volda kommune har kommunedelplan for fagområdet, som gjeld for perioden 2014-2018.

Planen har to vedlegg:

- Handlingsprogram 2014-2018
- Retningslinjer for merking og skilting i natur- og friluftsområde i Volda kommune.

Handlingsprogrammet har blitt rullert årleg. Handlingsprogrammet for 2019 vart godkjent i forvaltningsutvalet 15.1.2019.

Planprogram

For alle kommuneplanar skal det utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet, jf. § 4-1 i plan- og bygningslova. Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, alternativ og behov for utgreingar. Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggst ut til offentleg ettersyn samstundes med varsel om oppstart av planarbeid.

Oppstart av planarbeid

Mål

Mål for arbeidet er å gjennomføre hovudrullering av kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Kommunen sin visjon, mål og strategiar for idretts- og friluftslivspolitikkk skal gå tydeleg fram i kommunedelplanen.

Organisering

Planleggar ved Sektor for utvikling i Volda kommune skal ha rolla som prosjektleiar. Det vil bli sett ned ei tverrfagleg prosjektgruppe med personar frå plan, kultur, oppvekst, helse, teknisk, folkehelsekoordinator, barnerepresentant og idrettsråd, som har ansvar for å utarbeide forslag til plan. Fellesnemnda skal vere politisk styringsgruppe for planarbeidet.

Førebels forslag til framdriftsplan

Planarbeidet skal følgje reglane i plan- og bygningslova i høve sakshandsaming. Ein ser føre seg slik framdrift av planarbeidet:

Tidspunkt	Aktivitet
Februar 2019	Oppstart av planarbeid
Februar – mars 2019	Utarbeiding av forslag til planprogram
April – mai 2019	Offentleg ettersyn og høyring av planprogram. Informasjonsmøte – lag og organisasjonar
Mai 2019	Fastsetjing av planprogram
Juni – juli – august 2019	Utarbeiding av planforslag
September 2019	Handsaming av forslag og utlegging til offentlig ettersyn
September - oktober	Offentleg ettersyn
Oktober – november 2019	Gjennomgang og vurdering av merknader. Ev. justering av plan
Desember 2019	Godkjenning av plan og handlingsprogram

Medverknad

Det vil bli lagt til rette for brei medverknad, slik at lag og organisasjonar, enkeltpersonar og andre interessegrupper kan kome med innspel til planarbeidet.

Planen sitt innhald

Undersøkingar blant ungdom har vist at dei mest brukte anlegga for aldersgruppa er skianlegg, idrettshallar, gang- og sykkelvegar, turløyper, fotballanlegg, symjehallar og symjebasseng.

Dei same undersøkingane viser til at ungdom saknar anlegg som legg til rette for uorganisert og eigenorganisert aktivitet eller kor det er låg terskel for deltaking og stort sosialt fokus.

Fylkeskommunen (som fordeler spelemidlar i Møre og Romsdal) har gitt signal om at tiltak som har fokus på mangfald, friluftsliv og anlegg som skaper sosiale møteplassar for inkludering og integrering vil kunne få prioritet.

Kulturdepartementet rår til at planen har følgjande innhald (jf. rettleiar V-0798 B):

- Målsetjing for kommunen si satsing på idrett og fysisk aktivitet, herunder friluftsliv.
- Målsetjing for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv.
- Resultatvurdering av førre plan, med statusoversikt.
- Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for både anlegg og aktivitet.
- Det skal gjerast greie for samanhengen med andre planar i kommunen.
- Prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg.
- Oversikt over forventa kostnader knytt til drift og vedlikehald av planlagde anlegg.
- Uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg.
- Lokalisering av eksisterande og planlagde anlegg, område for friluftsliv og arealbehov for planlagde anlegg og friluftsområde.

Vurdering

Som det går fram ovanfor, har begge kommunane kommunedelplan som gjeld fram til og med 2018, og begge kommunane har handlingsplan/handlingsprogram som gjeld for 2019.

Kommunedelplan er ein føresetnad for å søke om spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet. Det er viktig å kome i gang med planarbeidet, slik at kommunedelplan med tilhøyrande handlingsprogram ligg føre i løpet av 2019.

Konklusjon:

Prosjektleiar for nye Volda rår til at det vert sett i gong arbeid med kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for 2020-2024 med tilhøyrande handlingsprogram, jf. § 11-1 i plan- og bygningslova.

Utskrift av endeleg vedtak:

Hornindal kommune

Volda kommune

Klageinstans:

Ikkje klagerett.



Hornindal kommune

Tematisk kommunedelplan for



idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

2015 – 2018

Utkast til plan 2015 - 2018

Innhald

0 INNLEIING	4
1 GENERELLE PLANKRAV - MÅL OG STRATEGI.....	5
1.1 Bakgrunn og plankrav	5
1.2 Mål for statleg idrettspolitikkk.....	5
1.2.1 Planprosessen	5
1.2.2 Minstekrav	6
1.2.3 Mål	6
1.2.4 Behovsanalyse	6
1.5 Fylkeskommune/ stat sine overordna mål	6
1.5.1 Fylkeskommunen sitt overordna mål	6
1.6 Føremål med den kommunale planen	6
2 DEFINISJONAR / KLARGJERING	7
2.1 Omgrep.....	7
2.1.1 Idrett	7
2.1.2 Fysisk aktivitet	7
2.1.3 Friluftsliv	7
2.2 Idrettsanlegg	8
2.2.1 Nærmiljøanlegg (berre utandørsanlegg).....	8
2.2.2 Mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg (utgått)	8
2.2.3 Ordinære anlegg	8
2.2.4 Nasjonale anlegg	8
2.3 Friluftslivområde, friområde og friluftslivanlegg	8
2.3.1 Friluftsområde	8
2.3.2 Friområde	9
2.3.3 Friluftslivanlegg i fjellet.....	9
2.3.4 Andre friluftslivsanlegg.....	9
3 MÅLSETJING FOR HORNINDAL KOMMUNE.....	9
3.1 Overordna mål.....	9
3.1.1 Mål for idrettsarbeidet.....	9
3.1.2 Mål for fysisk aktivitet/ friluftsliv	10
3.1.3 Mål for ubyggning og tilrettelegging av anlegg og område.....	10
4 RESULTATVURDERING - PLANEN FRÅ FØREGÅANDE PERIODE – OG SITUASJONEN I DAG.	11
4.1 Planen som styringsreiskap	11
5 SPELEMIDLAR - SØKNADSGRUPPER OG TILSKOTS-ORDNINGAR.....	12
5.1 Ordinære anlegg	12
5.1.1 Fastsette søknadssummar for ein del typar ordinære idrettsanlegg.....	12
5.2 Nærmiljøanlegg.....	13
5.4 Mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg	13
5.5 Friluftsanlegg i fjellet	13
5.6 Lokale og regionale kulturbygg (ikkje spelemidlar)	13
5.7 Andre tilskot (ikkje spelemidlar).....	13

6 UTVIKLINGSTREKK - FYSISK AKTIVITET OG FOLKEHELSE I HORNINDAL KOMMUNE.....	14
6.1 Statistikk og fakta om fysisk aktivitet og folkehelse i Noreg	14
6.2 Fysisk aktivitet i Hornindal kommune	14
6.3 Fysisk aktivitet blant funksjonshemma, eldre og andre med nedsett funksjonsevne.....	15
6.4 Frivillig innsats.....	15
7. STATUS - over dei viktigaste idrettsanlegga i kommunen. (For komplett liste over idrettsanlegg i kommunen vert det vist til idrettsanleggsregisteret – vedlegg 11.5)	16
7.1 Idrettsanlegg, skytebaner, o-kart og friluftsområde	16
7.6 Interkommunale idrettsanlegg.....	19
7.7 Kulturbygg	19
8 INNSPEL TIL PLANARBEIDET.....	20
8.1 Trong for anlegg og område.....	20
8.2 Kriteria for utbygging.....	20
8.3 Nye idrettsanlegg.....	21
8.4 Nærmiljøanlegg.....	21
8.5 Anlegg og område for friluftsliv.	21
9 AREALSIKRING.....	22
10 DRIFT OG VEDLIKEHALD	22
10.1 Kommunale anlegg og driftstilskot	23
10.2 Private anlegg	23
10.3 Estetikk og miljø	23
10.3.1 Kulturminne	23
11. VEDLEGG	24
11.1 HANDLINGSPLAN – ORDINÆRE ANLEGG 2015 - 2018.....	24
11.2 HANDLINGSPLAN – NÆRMILJØANLEGG 2015 - 2018	24
11.3 HANDLINGSPLAN – FRILUFTSLIVTILTAK 2015 - 2018	24
11.4 LISTE – UPRIORITERTE ANLEGG	24
11.5 ANLEGGREGISTER – HORNINDAL KOMMUNE	24

Foto framside:

- *Hornindal Rundt*
- *Sunnmørsposten*
- *Margunn Haugen*
- *Bengt Flaten*

0 INNLEIING

Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Hornindal kommune vart sist revidert i 2008, og i perioden 2008 – 2012 har kommunestyret årleg vedteke rullert handlingsprogram. I KS-003/13 vedtok kommunestyret å vidareføre planen også for 2013, og handlingsplanen for 2013 vart vedteken i same møte. Handlingsplan for 2014 vart vedteken i KS 094/13.

Tematisk kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skal vere styringsverktøy for satsinga på desse områda i kommunen, og vere ei rettesnor for planmessig og samordna anleggsutbygging av kommunale og private anlegg. Planen gjev også viktige innspel ved revisjon av arealdelen til kommuneplanen, og i arbeidet med økonomiplanen. I tillegg er vedteken handlingsdel kommunen si prioritering av søknadar om spelemidlar - til gjennomføring av tiltak.

Der er også lagt vekt på at planen skal vere informativ, og kunne danne grunnlag for eit godt samarbeid mellom innbyggjarar, organisasjonar og kommunen.

Kommunestyret har det overordna ansvaret for å leie planarbeidet, mens rådmannen har det administrative og praktiske arbeidet med å føre planen ”i pennen”.

Plangruppa har vore samansett slik:

- Kommunal sjef for oppvekst- og kultur
- Representant for Hornindal idrettslag
- Folkehelsekoordinator
- Plan- og bygningssjef

Revidert plan byggjer i hovudsak på tidlegare plan, vedteken Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017, og på Kulturdepartementet sin rettleiar V-0798B. I tillegg er det teke omsyn til innspel etter varsel om oppstart av planarbeidet, og anleggslista er ajourført med endringar som har skjedd på anleggssektoren sidan siste hovudrevisjon av planen.

Prioriteringane i handlingsplanen er gjort ut frå målsetjinga om at prioriterte tiltak også må kunne gjennomførast i praksis. Vidare er det lagt vekt på å prioritere anlegg som vil generere auka aktivitet i etablerte anlegg, og som vil resultere i betre logistikk og enklare drift og vedlikehald av anlegga. Det er òg teke omsyn til etablerte samarbeidsavtaler mellom kommunen og idrettslaget, og at det no er meir vanleg å betale for ”dugnadsarbeid”,

Det er ein samanheng mellom fråvær av fysisk aktivitet og trongen for helsetenester i samfunnet, og nasjonale helsestyresmakter rår til at born og unge bør vere fysisk aktive i minst 60 minutt kvar dag, mens vaksne bør ha minst 30 minutt fysisk aktivitet dagleg, eller minimum 3 ½ time kvar veke. Med bakgrunn i dette meiner nemnda at folkehelse må ha eit særleg fokus, og at det må satsast meir på uorganisert aktivitet. Det er ei målsetjing å få alle menneske til å vere fysisk aktive, og nemnda meiner det er særleg viktig å leggje til rette for trygge og gode gang- og sykkelveggar, slik at flest mogeleg kan gå eller sykle til arbeid, skule og fritidsaktivitetar.

1 GENERELLE PLANKRAV - MÅL OG STRATEGI

1.1 Bakgrunn og plankrav

I samsvar med Kulturdepartementet sine krav skal kommunen utarbeide samla plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som grunnlag for tildeling av spelemidler. Planen skal m.a. innehalde prioritert handlingsprogram for kommande fireårsperiode, samt ein langsiktig (uprioritert del). Tematisk kommunedelplan skal ta føre seg utbygging av nye og rehabilitering av eksisterande idretts-, friluftslivs- og nærmiljøanlegg i kommunen. Det kan søkjast om spelemidler til prioriterte anlegg – for gjennomføring dei ein skilde år i handlingsprogrammet.



Hornindalsrodden mot sørvest, Hornindal

1.2 Mål for statleg idrettspolitik

”Staten har som mål å bidra til utbygging og rehabilitering av idrettsanlegg, slik at flest mulig kan drive idrett og fysisk aktivitet. Ved tilskudd av spillemidlene prioriteres derfor anlegg og områder med mange brukere, og som gir befolkningen mulighet til å drive både egenorganisert aktivitet og aktivitet i regi av den organiserte idretten. Barn (6-12 år) og ungdom (13-19) år er viktige målgrupper. Ved planlegging og utforming av anlegg skal det både tas hensyn til barns mulighet til å drive fysisk aktivitet i lokalmiljøet, og ungdommens behov for utfordringer og variasjon. For anlegg som skal brukes til konkurranser må det tas hensyn til den enkelte idretts krav til utforming.”

1.2.1 Planprosessen

Planprosessen skal følgje reglane i plan- og bygningslova, med vekt på følgjande :

- Politisk medverknad
- Tverretatleg administrativ medverknad (Med fokus på folkehelse er folkehelsekoordinator og folkehelserådet gjennom partnerskapsavtalen med fylkeskommunen ein viktig medspelar)
- Samarbeid med statlege, fylkeskommunale og andre offentlege styresmakter
- Samarbeid med private organisasjonar og grupper med spesiell interesse i planarbeidet (omfattar m.a. samarbeid med idretten gjennom Hornindal idrettslag, Markane idrettslag, Hornindal og Markane skyttarlag m.fl.).

I departementet sin rettleiar er desse planfasane skildra:

1. Avklare verksemdsområdet for planen.
2. Oversyn over tilbod som eksisterer, og registrere behov.
3. Evaluere/ vurdere og prioritere.
4. Utarbeide handlingsprogram for 4-årsperioden.

1.2.2 Minstekrav

Kultur- og kyrkjedepartementet har følgjande minstekrav til innhaldet i planen:

- Målsetjing for kommunen si satsing på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Målsetjing for anleggsutbygging og arealsikring for idrett og friluftsliv.
- Resultatvurdering av førre plan, med statusoversyn.
- Analyse av lang- og kortsiktige behov for både anlegg og aktivitet.
- Det skal gjerast greie for samanhengen med andre planar i kommunen.
- Prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg.
- Økonomiplan knytt til drift og vedlikehald av dei anlegga vi har og dei som er planlagde.
- Uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg.
- Relevante kart som syner lokalisering av eksisterande og planlagde anlegg, område for friluftsliv og arealbehov for planlagde anlegg og friluftslivsområde.

1.2.3 Mål

Målet er at kommunale og fylkeskommunale ”idrettsplanar” skal vere gode styringsverktøy for anleggsutbygginga, og at vi gjennom planprosessen får ei reell vurdering av kva idrettsanlegg/friluftsanlegg vi har trong for i Hornindal. Eit av kulturdepartementet sine krav er at planen – i tillegg til å vere ein *anleggsplan*, også skal gje føringar for kommunen sitt engasjement i arbeidet for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Hornindal kommune ser det som særskilt viktig om å framheve denne målsetjinga både i ”idrettsplanen” – og i andre planar som har innverknad på menneska sitt fysiske miljø. Først når tilrettelegging for fysisk aktivitet blir ein naturleg del av all areal- og samfunnsplanlegging vil resultatene bli synleg i form av mindre sjukefråvær, betre trivsel og helse, m.m.

1.2.4 Behovsanalyse

Behovsanalyse er eit viktig grunnlag når anleggsutbygginga skal prioriterast, og spørsmål/innspel frå innbyggjarane er ein del av denne behovsanalysen. I dei høve det er trong for kommunal (økonomisk) medverknad må prioriteringslista også vere nær knytt til Hornindal kommune sin økonomiplan og budsjett.

1.5 Fylkeskommune/ stat sine overordna mål

1.5.1 Fylkeskommunen sitt overordna mål

Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014 – 2017 har ein visjon for planperioden om ”*Fysisk aktivitet for alle.*” Vidare står det at: ”*Betre helse gjennom heile livet gjer at den enkelte kan bidra meir i samfunnet og treng mindre hjelp når det først trengs. Vi tåler sjukdom og helseutfordringar betre, og vi vert raskare friske etter sjukdom.*”

1.6 Føremål med den kommunale planen

- Politisk styringsreiskap for å leggje til rette for idrett og fysisk aktivitet.
- Medverke til at samfunnsutviklinga i kommunen er forankra i – og har fokus på folkehelse.
- Målstyrt utbygging av anlegg.



Badestranda ved Gro-bygget/Smia

- Sikre naudsynt areal for nærmiljøanlegg, idrettsaktivitetar og friluftsliv.
- Følgje opp konsekvensar for areal og anlegg ut frå rikspolitiske retningsliner (RPR) for born og unge.
- Leggje til rette for at alle kan ta del i fysisk aktivitet/ idrett ved å etablere uformelle møteplassar / sosiale arenaer for ungdom i tilknytning til idrettsanlegg/ nærmiljøanlegg.
- Etablere nærmiljøanlegg i tilknytning til skular/ bustadfelt. Leggje til rette for god drift og vedlikehald av anlegg og område for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.
- Betre kunnskapen om fysisk aktivitet/ aktivitetsnivå og behov for anlegg og område.



Foto: Margunn Haugen

2 DEFINISJONAR / KLARGJERING

2.1 Omgrep

Kulturdepartementet sin rettleiar *Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet V-0798* (nov. 2000) definerer følgjande omgrep slik:

2.1.1 Idrett

Med idrett forstås ein aktivitet i form av trening eller konkurranse i den organiserte idretten.

2.1.2 Fysisk aktivitet

Med fysisk aktivitet forstås ein eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, medrekna friluftsliv og leikeprega aktivitetar.

2.1.3 Friluftsliv

Miljøverndepartementet definerer friluftsliv som opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøendring og naturopplevingar. Kultur- og kyrkjedepartementet har valt å la friluftsliv inngå i omgrepet *fysisk aktivitet*.

I nemnde St. meld. Nr 39, står denne innleiinga om friluftsliv:

Gjeldande friluftslivspolitikkk legg til grunn at friluftsliv er opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving. Målsetjinga er å fremje det enkle friluftslivet – for alle, i dagleglivet og i harmoni med naturen. Friluftslivspolitikken legg hovudvekta på ein kjerne av ikkje konkurranseprega, ikkje motoriserte fritidsaktivitetar som går føre seg på allment tilgjengelege, naturprega område.

2.2 Idrettsanlegg

I spelemiddelfordelinga opererer departementet med følgjande klassifisering av idrettsanlegg:

- Nærmiljøanlegg
- Ordinære anlegg
- Nasjonale anlegg

2.2.1 Nærmiljøanlegg (berre utandørsanlegg)

Anlegg eller område tilrettelagt for Eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg plassert i tilknytning til skule- og idrettsanlegg, og i bu- og/ eller opphaldsområde. Anlegga skal vere opne etter skuletid, og vere fritt ålment tilgjengelege for eigenorganisert fysisk aktivitet. Nærmiljøanlegg skal ikkje utformast for å dekke trongen for anlegg til organisert idrettsleg aktivitet eller ordinær konkurranseidrett, likevel er det krav om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning før byggjearbeidet vert sett i gong.



*Hornindal skule- og idrettsområde
Foto: Hornindal kommune*

2.2.2 Mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg (utgått)

Ordninga med mindre kostnadskrevjande anlegg opphøyrd i 2012, og det vert opp til fylkeskommunen å avgjere i kor utstrekning nærmiljøanlegg skal tildelast spelemidlar.

2.2.3 Ordinære anlegg

Anlegg som har rett til stønad, og som er nært knytt til konkurranse- og treningsverksemd for den organiserte idretten. Det kan søkjast om spelemidlar både til bygging og rehabilitering av anlegg, men ikkje til drift, kjøp av grunn eller til dekking av gjeld. Tekniske krav til mål og utforming av anlegga tek utgangspunkt i konkurransereglane til det einskilde særforbund. Helsesportsanlegg, rehabilitering og ombygging av eldre anlegg - for å gjere desse tilgjengelege for funksjonshemma, er innlemma i ordinære anlegg. Dersom ikkje anna er bestemt gjeld ålmenne vilkår for tildeling av spelemidlar også for friluftslivsanlegg i fjellet.

2.2.4 Nasjonale anlegg

Idrettsanlegg som stettar tekniske og funksjonelle standardkrav for avvikling av relevante nasjonale meisterskap og konkurransar.

2.3 Friluftslivområde, friområde og friluftslivsanlegg

Omgrepet *friluftsliv- og friområde* blir ofte nytta som fellesomgrep på store grønne område som er tilgjengelege for alle.

2.3.1 Friluftsområde

Friluftsområde er oftast store uregulerte område som i hovudsak er i privat eige, og som vert omfatta av allemannsretten. Det er ikkje krav om parkmessig opparbeiding, berre tilrettelegging for bruk. Områda vert nytta til turliv, jakt, fiske, fysisk aktivitet og trening.



Foto: Sunnmørsposten

Både i kommuneplanen sin arealdel og i reguleringsplanar er friluftsområda oftast vist som landbruks-, natur- og friluftsområde (NLF-område).

2.3.2 Friområde

Avgrensa område der det er spesielt tilrettelagt og opparbeidd for at ålmenta uhindra kan få rekreasjon og opphald. Områda er vanlegvis erverva, opparbeidde og vedlikehaldne av kommunen, og kan vere parkanlegg, turvegar, lysløyper, leikeplassar, nærmiljøanlegg og badeplassar. Inngrepsfrie naturområde i

nærmiljøet, t.d. kollar, sletter og bakkar, kan også bli definerte som friområde. I regulerte område er friområde eigen kategori.

2.3.3 Friluftslivanlegg i fjellet

Tilskot til anlegg for friluftsliv i fjellet, kan gjevast til foreiningar som er tilslutta Den Norske Turistforeining (DNT), samt foreiningar med tilsvarende føremål som DNT. For samanslutningar som ikkje er tilslutta DNT, skal vedtektene godkjennast på førehand av departementet. Det kan søkjast om spelemidlar til anlegg for friluftsliv i fjellet sjølv om anlegget ikkje inngår i vedteken plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.



Foto: Hornindal Rundt

2.3.4 Andre friluftslivsanlegg

Anlegg som legg til rette for friluftsliv. Døme kan vere turvegar, brygger, bruer, kart, baderampar, toalett, søppelkassar og parkeringsplassar.

3 MÅLSETJING FOR HORNINDAL KOMMUNE

3.1 Overordna mål

Kommunen skal arbeide for å leggje tilhøva til rette for at alle kan få høve til å drive organisert eller uorganisert leik, idrett og friluftsliv etter ynske, behov og evner i rimeleg nærleik av der dei bur.

3.1.1 Mål for idrettsarbeidet.

- Kommunen vil gjennom rådgjeving, planlegging og økonomisk medverknad arbeide for å betre rådevilkåra til idrettslaga. Det kan skje ved å hjelpe lag og foreiningar med å realisere idrettsanlegg slik at dei stettar reelle behov i lokalsamfunnet

- Kommunen vil i størst mogleg grad yte tilskot til drift, instruktør- og leiaropplæring i idrettslag og andre organisasjonar som har idrett på programmet. Tilskot til aktivitetar som kan vere eit tilbod til flest mogleg, bør ha høg prioritet.
- Det skal arbeidast for å betre utnyttinga av anlegg som ikkje tilfredsstillar krava til universell utforming (vurdert ut frå endra føresetnader med omsyn til målgruppe, fleirbruk, driftsøkonomi m.m.). I tilknytning til dette kan rehabilitering av anlegg vere eit mål.
- Medverke til auka forståing for fysisk aktivitet som eit viktig verkemiddel for betre helse og auka trivsel.
- Vere med og utvikle universelt tilpassa, inkluderande og trygge miljø med varierende aktivitetstilbod.
- Hornindal kommune skal arbeide for å leggje til rette for idretten slik at reiselivet kan tilby idrettsaktivitetar som ein del av tilbodet.

3.1.2 Mål for fysisk aktivitet/ friluftsliv

- Anlegg for friluftsliv skal vere enkle med god terrengtilpassing (utan store fysiske inngrep), og i størst mogleg grad vere universelt tilpassa. Kommunen si viktigaste oppgåve er å sikre brukarane god tilkomst til attraktive område gjennom:
 - Arealplanarbeid
 - Ved bruksavtalar eller innløyising av område av særleg stor verdi for ålmenta
 - Ved å opparbeide parkeringsareal og merke og skilte vegar/ stiar.
- Sti- og løypenettet i utmarka skal gjerast lett tilgjengeleg for folk flest gjennom informasjonstiltak, merking og opprusting.
- Tilrettelegginga skal ta utgangspunkt i naturlege tilhøve og tilpassast aktivitetsnivået. Reiselivet må også kunne tilby dette, evt også ta del i kostnadene med tilrettelegging og vedlikehald.
- Leggje til rette for fysisk aktivitet i barnehage, skule og på arbeidsplass.
- Få til samspel mellom offentlege, private og frivillige verksemder om utvikling og innsats for fremjing av fysisk aktivitet.
- I samarbeid med lag og organisasjonar, planleggje og setje i verk tiltak for å auke folk si oppleving av natur- og friluftsliv.
- Arbeide for å ta vare på verdfulle kulturlandskap og naturområde i kommunen, slik at dei kan nyttast til friluftslivaktivitetar også i framtida.
- Bruke friluftsliv aktivt for å betre helse og trivsel, og for å auke identitetskjensla hjå innbygarane.



Foto: Sunnmørsposten

3.1.3 Mål for ubyggning og tilrettelegging av anlegg og område

- Områda/ anlegga skal vere lett tilgjengelege, og i størst mogleg grad vere tilrettelagt for alle brukargrupper (universell utforming)
- Det skal setjast krav til estetisk og miljømessig utforming av anlegg, både ordinære idrettsanlegg og friluftslivsanlegg.

- For å få høg utnytting, og for å skape arenaer for gode miljø, skal det leggjast vekt på *sambruk* :
 - mellom ulike brukargrupper
 - mellom fleire idrettsaktivitetar
 - mellom idrett, friluftsliv og andre aktivitetar
- Ansvar for utbygging, drift og vedlikehald skal vere klart definert.
- Leggje til rette for uorganisert/ eigenorganisert aktivitet, spesielt med tanke på å gjere fleire aktive.

4 RESULTATVURDERING - PLANEN FRÅ FØREGÅANDE PERIODE – OG SITUASJONEN I DAG.

4.1 Planen som styringsreiskap



Postvegen i Skavikja

Overordna arealbruk i kommunen er fastlagt gjennom arealdelen til kommuneplanen, og inneheld dei viktigaste kontaktpunkta mot kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Framleis har dei politiske vedtaka i stor grad fokus på utbygging av idrettsanlegg, men med stadig sterkare vekt på folkehelse vil tilrettelegging for fysisk aktivitet også setje sitt preg på samfunnsplanlegginga.

Skal planen vere eit eigna styringsdokument må alle sider av planen takast med i vurderinga av vedlikehald og utbygging av idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friområde, samt tilrettelegging for bruk av friluftsområde.

Handlingsdelen/ handlingsprogrammet har vore gjenstand for årleg rullering og vedtak i kommunestyret. Dette har resultert i at enkelte prosjekt har vorte flytta frå uprioritert liste til prioritert liste – og omvendt.

I perioden 2009 – 2013 har det vore søkt om – og tildelt spelemidlar til fleire store anlegg i Hornindal kommune:

Anlegg	Annleggstad	Anleggsnr.	Eigar	Slutført	Tilsegn om tilskot eller tilskot utbetalt
Miniatyrskytebane	Ytrehorn	1444002001	Hornindal kommune/ Hornindal og Markane skyttarlag	x	x
Varmestove	Hornindal Skisenter	1444000910	Hornindal Skisenter AS	x	x
Fleirbrukshall (Honndalshallen)	Hornindal skule	1444001603	Hornindal kommune	x	x
Kunstgrasbane	Hornindal stadion	1444000103	Hornindal kommune/ Hornindal IL	x	–
Rehabilitering av Hornindal idrettspark	Hornindal idrettspark	1444000202	Hornindal kommune/ Hornindal IL	x	–

Fleire store og kostnadskrevjande anlegg i Hornindal kommune har fått spelemidlar inneverande planperiode, og alle desse har resultert i vesentleg auka aktivitet. For konkurranseanlegg som Hornindal kunstgrasbane, Hornindal idrettspark og miniatyrskyttebana på Ytrehorn er auken i hovudsak knytt til barn - og ungdom under 20 år. Fleirbrukshallen ved Hornindal skule og varmestova ved Hornindal Skisenter er eksempel på anlegg som har fått nye aldersgrupper i aktivitet, i tillegg til "dei faste" konkurranseutøvarane. Eit liknande eksempel er Den Trondhjemske Postvei som fekk spelemidlar på 1990-talet. Denne vegen åleine medverkar til betra folkehelse kvar einaste dag, særleg blant dei "godt vaksne".

Førebels har vi ikkje fått tilsegn om tilskot til kunstgrasbana eller til rehabilitering av friidrettsdekket på Hornindal idrettspark, og begge desse blir difor tekne med over i ny planperiode (2014 – 2017).

Tilskotsordninga til mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg har resultert i at nye brukargrupper har fått tilgang til aktivitet i sitt nærmiljø. Når denne ordninga no er opphøyr, og alle nærmiljøanlegg med rett til spelemidlar skal takast inn i gruppa for "ordinære" nærmiljøanlegg, gjenstår det å sjå om dette vil resultere i fleire eller færre av denne type anlegg.

5 SPELEMIDLAR - SØKNADSGRUPPER OG TILSKOTS-ORDNINGAR

Reglar for søknad om tilskot m.m. går fram av Kulturdepartementet sine føresegner V-0732 N – Om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2013. Føresegna inneheld nærare orientering om statlege krav, søknadsfristar, krav til søkjar, storleiken på tilskot m.m. Der ligg også reglar for kommunal og fylkeskommunal sakshandsaming, samt klagehandsaming. Alle søknader skal sendast inn elektronisk. Sjå nettsida www.idrettsanlegg.no, eller ta kontakt med kommunen.

5.1 Ordinære anlegg

Hovudregelen er at tilskot blir gjeve med 1/3 av godkjent kostnadsoverslag, med maksimalt tilskot på 1.000.000 kroner. Ut over dette gjeld særskilte tilskotsreglar for interkommunale idrettsanlegg, for anlegg ut frå geografisk plassering, og fleire anleggetypar for ulike særiddrettar. Jf. V-0732 N – om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2013.

Etter hovudregelen vil anlegg i Hornindal kommune få eit tillegg på 10% over ordinært tilskot til bygging av "små fleirbrukshallar og små symjehallar".

5.1.1 Fastsette søknadssummar for ein del typar ordinære idrettsanlegg

For ei rekkje ordinære idrettsanlegg er maksimalt tilskot > kr. 700.000, alt etter type anlegg. Grunnregelen er likevel at tilskotet ikkje skal utgjere meir enn 1/3 av godkjent kostnad. Jf. V-0732 N.

5.2 Nærmiljøanlegg

Til desse anlegga blir det gjeve tilskot på 50% av godkjende kostnader med maksimalt beløp på 600.000 kr. Nedre kostnadsrøme er 50 000 kr. Eit større nærmiljøanlegg (same anleggsstad) kan delast i 3 anleggseiningar, slik at ein kan søkje om tilskot inntil 3 gongar innafor same anleggsstad.

5.4 Mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg

Utgår (sjå punkt 2.2.2)

5.5 Friluftsanlegg i fjellet

Slike anlegg kan få 1/3 – 1/2 av godkjent kostnad, men også her med maksimalgrenser etter type anlegg.

5.6 Lokale og regionale kulturbygg (ikkje spelemidlar)

Tilskot til lokale og regionale kulturbygg vert forvalta av fylkeskommunen. *”Tilskota skal bidra til eigna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd.*

Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.”

Fylkeskommunen kunngjere frist for søknader om tilskot til kulturbygg, og fastset retningslinjer for ordninga. Søknader skal fremjast gjennom kommunen – med den frist kommunen fastset.

Meir informasjon om denne ordninga er å finne på:

[http://www.regjeringen.no/upload/KUD/Kulturvern/divisjonen/Kulturbygg/Retningslinjer for forvaltning av desen tralisert ordning for tilskot til kulturbygg-nynorsk.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/KUD/Kulturvern/divisjonen/Kulturbygg/Retningslinjer%20for%20forvaltning%20av%20desen%20tralisert%20ordning%20for%20tilskot%20til%20kulturbygg-nynorsk.pdf)

5.7 Andre tilskot (ikkje spelemidlar)

Tiltak som fremjar fysisk fostring, men som ikkje fell inn under reglane for spelemidlar kan likevel få statlege tilskotsmidlar. Eksempel på dette er følgjande tilskot frå

Miljøverndepartementet :

- Tilskot til naturforvaltningstiltak
- Tilskot til friluftsliv
- Tilskot til kulturminnetiltak
- Tilskot til Den naturlege skulesekken (Kap. 1400 post 62)
- Tilskot til nasjonale og internasjonale miljøtiltak (Kap. 1400 post 76)
- Tilskot til ymse organisasjonar og stiftelsar m.m (Kap. 1420 post 77)

Også midlar til tiltak i kulturlandskapet (SMIL-midlar), for eksempel tilskot til rydding av stiar vil kome friluftslivet til gode. Midlane vert fordelt av kommunen.

6 UTVIKLINGSTREKK - FYSISK AKTIVITET OG FOLKEHELSE I HORNINDAL KOMMUNE

Sjølv om fødselstala også går nedover i Hornindal kommune har folketalet vore relativt stabilt over fleire år. Dette skuldast positiv flyttebalanse, dvs. at det flyttar fleire til kommunen enn frå kommunen. Eksempel på dette er året 2012, der folketalet auka frå 1220 – til 1238 ved utgangen av året. Av dette utgjer fødselsoverskot 4 personar, innanlands flytting 5 personar, og innvandringsoverskot (frå utlandet) 9 personar.

6.1 Statistikk og fakta om fysisk aktivitet og folkehelse i Noreg

Fysisk aktivitet er ei viktig kjelde til trivsel og god helse. I tillegg er det viktig for veksten og den motoriske utviklinga til borna. Ut over dette er leik med andre born viktig for den sosiale og emosjonelle utviklinga. For vaksne og eldre kan fysisk aktivitet vere ei kjelde til avkopling, sosialt samvær, meistringskjensle, førebyggje plager, og ikkje minst gleda over å vere i god fysisk form.



Foto: Hornindal kommune

Same kva organiseringsform som vert nytta, er hovudmotivet for å trene - å kome i betre fysisk form. Dette gjeld både kvinner og menn. Folk som trenar i idrettslag legg meir vekt på sosialt samvere enn dei som trenar på treningssenter. Yting og prestasjon er viktige for dei som trenar i idrettslag.

Talet på born og unge som trenar i idrettslag minkar. Det er fleire gutar enn jenter som trenar eller konkurrerer i idrettslag, men tendensen er minkande for begge kjønn. Vaksne som driv fysikk aktivitet/ trening gjer det no meir på eiga hand eller i treningssenter - framfor i idrettslag.

Laga kan og søkje om førebyggjande midlar til fysisk aktivitet gjennom Vardar for folkehelse.

6.2 Fysisk aktivitet i Hornindal kommune

Medlemstalet i idrettslag, skyttarlag o.a. lag og organisasjonar som fremjar fysisk aktivitet er eit bilete på aktivitetsnivået i kommunen. Sjølv om medlemstalet går litt opp og ned er organisert idrett ein garantist for fysisk aktivitet blant sine medlemmar. I Hornindal er denne aktiviteten størst innafor fotball, friidrett, volleyball, skiskyting, langrenn, alpint, hopp og orientering. Saman med trim (fjellturar, turar i skog og mark m.m.), sykling, skyting, dans, akrobatikk, m.fl. er dette aktivitetar som er svært viktige for folkehelsa og det sosiale liv i kommunen. Like viktige er dei uorganiserte aktivitetane som gåturar, sykkelturar m.m.

Mange friluftinteresserte er organisert gjennom Indre Nordfjord turlag (INT), ein organisasjon som arbeider for at medlemmar og andre turinteresserte skal få mange og gode turopplevingar.

Organisasjonen er såleis ein viktig bidragsytar i folkehelsearbeidet i kommunen. Turlaget si heimside: www.turlaget.no

Gruppa 55+ aukar også i Hornindal kommune, og fysisk aktivitet er god investering i førebyggjande helsearbeid også for denne gruppa. Det er difor viktig å leggje til rette for aktivitet knytt til nærmiljøet, arbeidsplassen, o.a. møteplassar for fysiske aktivitetar. Honndalshallen har opna for at alle aldersgrupper får tilbod om ulike fysiske aktivitetar, og saman med treningssenteret i Lødemel, dansekveldar i ungdomshuset Skogstjerna (Stryn kommune), organisert stavgang til ulike turmål, m.m. har dei aller fleste ”godt vaksne” tilbod om fysisk aktivitet i ei eller anna form. Viktigaste tiltaket for 55+ er likevel tilrettelegging for fysisk aktivitet innafør ordinær arbeidstid.

6.3 Fysisk aktivitet blant funksjonshemma, eldre og andre med nedsett funksjonsevne.

Gjennom Frisklivssentralen vert det lagt til rette for ulike fysiske aktivitetar på dagtid for funksjonshemma, folk med psykiske lidingar, eldre o.a. med redusert funksjonsevne.

Med krav om universell utforming av bygningar og anlegg som er tilgjengeleg for ålmenta vil desse gruppene lettare kunne bruke idrettsanlegg o.a. anlegg som fremjar fysisk fostring. Eksempel på dette er Honndalshallen, den nye miniatyrskyttebana på Ytrehorn, varmestova v/ Hornindal skisenter og fiskeplassen ved Hornindal skule.

6.4 Frivillig innsats

Det frivillige arbeidet er viktigaste innsatsfaktoren i idretts- og organisasjonslivet i kommunen, og mange brukar svært mykje av fritida si i slikt arbeid. Desse personane ser verdien av å leggje til rette for andre, gjennom å oppretthalde/ betre tilbodet for utøvarane, og skape arenaer for trygge sosiale nettverk.

Frivillig innsats er heilt avgjerande for å skape og oppretthalde aktivitetsnivået, og for å halde på ”eldsjelene” er det viktig at dei ytre rāmene vert lagt til rette på best mogeleg måte. Dette kan m.a. skje ved å etablere gode trenings- og konkurransetilhøve for alle, og leggje til rette for effektivt og godt vedlikehald av anlegga. Vidare er det viktig å leggje ambisjonane på eit nivå som er mogeleg å handtere/ gjennomføre ut frå rådande føresetnader.

Dette inneber m.a. at drifta av anlegga ikkje må leggje beslag på så store menneskelege ressursar – at det går ut over aktiviteten (idretten/ friluftslivet). I så fall har ein bomma på målet, både i høve til idretten og folkehelsa.

M.o.t. utdanning kan kommunen gje støtte til kompetanseheving gjennom kulturmidlane. Dette kjem i tillegg til opplæringa som skjer i eigne lag, men kommunale midlar kan gjere det økonomisk enklare å gjennomføre kurs, samtidig som det kan vere med å auke interessa for å ta trenarkurs m.m.

Dugnadsarbeidet dannar berebjelken både under anleggsutbygginga og i driftsfasen, og aktiviteten i idrettslag o.a. lag og organisasjonar vil også i framtida vere avhengig av frivillig innsats og engasjerte bygdefolk. Likevel tyder mykje på at mange lag og organisasjonar slit med å få leiarar, og spørsmålet er om tida er mogen for å vurdere deltidstilsette leiarar, for eksempel i idrettslaga. Men eit lag kan ikkje berre drivast av leiaren, og alle vert difor oppmoda om å delta i dette arbeidet, slik at ansvar og oppgåver kan delast på fleire.

7. STATUS - over dei viktigaste idrettsanlegga i kommunen. (For komplett liste over idrettsanlegg i kommunen vert det vist til idrettsanleggsregisteret – vedlegg 11.5)

7.1 Idrettsanlegg, skytebaner, o-kart og friluftsområde

- **Hornindal stadion (gamlebana).**
Eigar: Hornindal idrettslag.
Grasbane 105x60, bygt 1969-72.
Ombygt til kunstgrasbane i 2012.

- **Hornindal Idrettspark.**
Eigar: Hornindal Idrettslag.
Grasbane 100x65 m. Treningsfelt kunststoff 35x81 m. Kunststoff 6x400 m rundbane, 6x100m sprintbane, 110 m hekk. Sektorar for hopp, kast og hinderbane. Badminton-, handball-, og tennisbane på kunststoffdekket.
Byggjeår 1984-1988. Rehabiliterert friidrettsdekket 2012/ 2013.

- **Honndalshallen**
Eigar: Hornindal kommune.
Fleirbrukshall i kombinasjon med klasserom for ungdomstrinnet, arbeidsplassar for lærarane, danserom og kafeteria.
Aktivitetar: Fotball, basketball, innebandy, volleyball, friidrett, basisball, m.m.
Byggjeår 2011 – 2012.
Den gamle gymnastikksalen ved Hornindal skule vart riven i 2011 for å gje plass til fleirbrukshallen.

- **Hornindal skisenter**
(Har fått spelemidlar til lysløype i 2004, lager, verkstad i .. og varmestove i 2013)
 - 3 km Lysløype.
 - Skitrekk T-krok. 1487m langt med to preparerte nedfarta à 1600m.
 - Store områder for off-pist. Tautrekk 450 m med to nedfartar.
 - Skiskytter arena med 10 stk. blinkar.
 - Hoppbakkar 4 stk. 5 m, 10 m, 15 m og 30 m.
 - Turløyper rundt setredalen og fineversløype opp til Høgenibba.
 - Varmestove (2012).

- **Strandvolleyballbane.**
På Grodås har volleyballgruppa bygt opp ei strandvolleyballbane på privat grunn. Nyttå også som nærmiljøanlegg.

- **Sindre skytebane**
 - Skytebane for Hornindal og Markane skyttarlag.
 - Etablert i 1910, med hovudombygging i 1974, og seinare endringar i 1995 og 2002.
 - I dag elektroniske skiver på 100 m (6 stk.) og på 200 m (10 stk.)

- **Innandør miniatyrskytebane på Ytrehorn**
 - Skytebane i kommunalt bygg

- **O-kartet "Hornindal Sør".**
Eigar: Hornindal idrettslag.
Kart på Ca. 6 km² i området frå Kirkhorn til Taraldset.
Målestokk 1:15.000. Utarbeidd 1975. Justert 1990.
- **O-kartet "Maurset".**
Eigar: Markane idrettslag.
Ca. 8 km². Målestokk 1:15.000.
Utarbeidd 1985-87.
- **Hornindal skule - "Det opne rom".**
 - 3 km lang trimløype i tilknytning til skule og idrettsanlegg.
 - Ballbinge, bygt som nærmiljøanlegg i 2001/2002 i tilknytning utearealet på skulen
- **Friluftsområde.**
Naturen i Hornindal innbyr til variert og aktivt friluftsliv. Her fins gode tilhøve for fjellturar, klatring, båtturar, sykkelturar, skiturar, jakt- og fisketurar m.m. Likevel har vi utfordringar med å leggje til rette for auka bruk og aktivitet. Frå nasjonalt hald er det sett på som ei kommunal oppgåve å få folk aktive, og i arealdelen til kommuneplanen er mesteparten av areala i kommunen lagt ut til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). Innafor desse er følgjande område peika på som lokalt og regionalt viktige :
 - D1 Friluftsdområdet ved Skjærneset
 - D2 Hamnen
 - D3 Lønnsøyane
 - D4 Sårbart område i Grendadalen
 - D5 Sårbart område ved Hornindalssetra
 - D6 Terdalen og Knutsdalen
 - D7 Hornindalsvatnet

Ut over desse er Vikasetra, Kyrkjhornsdalen, Middagsfjellet, Ytrehornsnakken, m.fl. område som blir mykje brukt for utøving av friluftsliv i kommunen.

- **Merka turstiar**
 - Grøddesetra - Middagsfjellet
 - Grøddesetra - Småskåra - Gulekoppen
 - Kirkhornsbakkane - K.dalen - Botnagavlen - Gulekoppen
 - Lødøen - Lønnssetra - Setrehornet - Botnagavlen - Gulekoppen
 - Taraldset - Holskarsetra - Holskarvatnet - Gulekoppen
 - Taraldset - Tomasgardsetra - Dauremålhornet
 - Sandgrova - Dauremålhornet
 - Ytrehorn - Ytrehornsnakken - Gløvfrefjellet - Kviven - Demmene - Storesetra
 - Lillestøl - Lillestølsetra - Kviven
 - Storesetra- Høgenibba –Kviven-Otterdalskaret
 - Hyttevatnet i Hjortedalen - Nedste Tussevatnet -Sandfjellet – Hjortedalen
 - Blåvatnet - Honndalsrokken
 - Otterdal – Otterdalsetra – Otterdalskaret

Det er merka stiar til 20 trimpostar, og ”Fjelltrimmen”, ”Supertrimmen” og ”Trim for alle” (med trivelege turmål i låglandet) har ført mange ut i skog og mark, og til fjelltoppar, og desse tilboda har vorte populære blant svært mange, ikkje minst blant barnefamiliar. I den samanheng spelar ”Den Trondhjemske Postvei” - på strekninga Svor – Kjøsahalsen ei svært viktig rolle.

Den flotte turvegen aktiviserer honndøler o.a. dagleg – gjennom heile året.



Grendadalen/ Hjortedalen er det mest nytta utfartsområdet i kommunen både sommar og vinter. Lett tilkomst til dei vide setredalane, lagleg terreng, mange fine fjelltoppar, og ikkje minst lokalisering av Hornindal skisenter til dette området - legg grunnlaget for stor trafikk.

Etter opninga av Kvivsvegen hausten 2012 ser vi at langt fleire enn kommunen sine egne innbyggjarar nyttar dette området, og sjølv om området førebels ikkje er registrert som regionalt viktig, kjem brukargruppa frå eit stort nedslagsfelt.

Inn til mange av dei mest attraktive fjelldalane går det bilvegar, og dette lettar tilkomsten for eldre folk og andre som har nedsett funksjonsevne. I vinterhalvåret tilbyr Hornindal Røde Kors Hjelpekorps transport fram til hytter og sel, for dei som har trong for det. Elles har oppkøyrd skiløypergod effekt - for å få folk ut i vinterhalvåret. Folk frå Hornindal nyttar også grenseområda mot Stryn kommune (Ullsheim) og Stranda kommune (Terdalen) som friluftsområde, særleg vinterstid.

For å ta vare på mangfaldet og kvalitetane i område som er viktige for friluftslivet i kommunen er det viktig:

- å unngå at dei mest brukte og best eigna friluftslivområda vert øydelagde eller oppstykkja av ymse utbygging og tiltak.
- å leggje til rette for aktiv bruk av friluftsområda – utan at dette fører til nedsarving av områda.
- å unngå at turstiar og kulturlandskap gror att.

- **Dans**

Hornindal danseverkstad for born og ungdom har vore med i fylkesprosjektet ”Dans utan grenser”, og etter eit kortare opphald er det planar om å starte opp igjen denne aktiviteten frå hausten 2014. Seniordansegruppa (+55) har kome inn i nye lokale i Honndalshallen, og der er det svingom i 2 timar kvar torsdag.

- **Leikeområde.**

I bustadområda Nyland og Kyrkjehornsbakkane er det opparbeidd leikeareal/ balløkker i samarbeid mellom kommunen og velforeiningane i dei respektive områda. Etter initiativ av foreldre er det også opparbeidd og utstyrt mindre leikeplassar i ulike grender, m.a. i Haugen/Hjellbakkområdet og i Tytebærhaugen (nærmiljøanlegg).

For alle born i skulepliktig alder er det viktig å ha eit allsidig aktivitetstilbod ved Hornindal skule. Det er etablert samarbeid mellom idrettslaget og skulen om bruk av Hornindal idrettspark - til uteområde, leik og idrett. I tillegg til er det bygt ballbinge i skuleområdet.

Hornindal barnehage har også eit stort og innhaldsrikt uteområde, og i framtida tek barnehagen sikte på å opne meir for born og foreldre utanom barnehagetida.

- **Diverse aktivitetstilbod, anlegg, turområde.**

- Skogsvegane : I tillegg til fjelldalane vert også skogsvegane mykje nytta i friluftssamanheng.
- Grodås sentrum har fleire verdfulle aktivitetstilbod for alle aldersgrupper, m.a. badeplass/ solplass, stupetårn, sandvolleyball og eit leikeområde aust i sentrum.
- FYK-prosjektet – samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunen og frivillige organisasjonar - legg opp til auka aktivitet blant uorganisert ungdom.
- Turkart : Turkart for Hornindal vart ferdig i 2002
- Hornindalsvassdraget : er varig verna mot utbygging, og vatnet og elvane er mykje nytta til rekreasjon, både i form av båtturar, bading og fiskeing. Hornindal grunneigarlag/grunneigarar legg tilhøva godt til rette for brukarar av vatna, elvane og utmarksområda i kommunen. Ved Hyttevatnet i Hjortedalen er elva demd opp, fisk vil bli utsett og det er opparbeidd tilkomst og fiskeplattung for rullestolbrukarar. Tilsvarande tilkomst og fiskeplass er opparbeidd ved skulen.



Hyttevatnet i Hjortedalen

- Tilrettelegging av fiskestiar, fiskeplassar, gapahukar, badeplassar, m.m. fremjar bruken av utmarksressursane i kommunen, og det resulterer i eit meir aktivt friluftsliv for folk fleste.

7.6 Interkommunale idrettsanlegg

Det blir stilt stadig større krav til idrettsanlegg, og store anlegg kan vere utfordrande både å byggje og drifte – enten det er idrettslaga eller kommunane som har ansvaret. Samarbeid om store idrettsanlegg over kommune- og fylkesgrenser må difor kome i meir ordna former, og konsekvensen av dette er at regionale anlegg vil bli viktigare i framtida. I Hornindal kommune er det p.t. ingen slike anlegg.

Motorcrossbana på Svarstad var tenkt som eit mogeleg regionalt anlegg, der også Hornindal kommune kunne vere aktuelle samarbeidspartnar, men så langt er slik avtale ikkje inngått.

7.7 Kulturbygg

Det er sett av midlar til kulturbygg av spelemiddeloverskotet. I Hornindal er det bygt fleirbrukshall, med tilbod både for idrett, kultur, undervisningar m.m.

8 INNSPEL TIL PLANARBEIDET.

8.1 Trong for anlegg og område

I perioden 2008 – 2013 vart fleire ”store” anlegg realisert i kommunen, men framleis vil minst 2 – 3 anlegg frå føregåande handlingsplan bli tekne med over i ny planperiode. Det kom inn få innspel til den nye planperioden, men fotballgruppa sine ynskje om etablering av stadionhus m/ kiosk, lager og garderobar vil gjere området ved kunstgrasbana til eit komplett trenings- og konkurranseanlegg for fotball. Også Hornindal Skisenter AS sitt innspel om snøkanon kan nok vere med å forlenge skisesongen i anlegget.

Etter samråd med Stryn kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune blir Sindre skytebane registrert som kommunalt anlegg for Hornindal kommune. Dersom det skulle bli aktuelt med etablering av regional skytebane for indre Nordfjord kan også det vere av interesse for kommunen.

Kor stor trongen er for andre nye anlegg er uvisst, men det er viktig å finne balansen mellom det idrettslag og/ eller kommunen maktar økonomisk, og den aktiviteten dette resulterer i. Tek driftssida så store ressursar at det går ut over aktivitetane har ein bomma. Difor er det svært viktig å vurdere drifts- og vedlikehaldskostnadene før eit anlegg vert bygt ut. Dette inneber også at handlingsplanen må gje eit realistisk bilete av drifts- og vedlikehaldskostnadene for prioriterte anlegg.

Status over eksisterande anlegg viser at det er ei rekkje ulike anlegg å vedlikehalde, og trongen for vedlikehald og rehabilitering må heile tida vurderast opp mot trongen for nye anlegg. I føregåande planperiode vart kunststoffdekket på Hornindal idrettspark rehabilitert, og for å kunne halde anlegget i best mogeleg stand er både bruken og vedlikehaldet avgjerande.

Med målsetjing om fysisk aktivitet for alle vil trongen for store kostnadskrevjande anlegg minske, mens tilrettelegging for auka fysisk aktivitet på alle plan vil auke. Dette vil kommunen ivareta gjennom eit bevisst fokus på slike spørsmål i alt frå overordna vegplanlegging – til detaljplanlegging av leikeområde.

Anlegg som kan brukast av utøvarar frå fleire kommunar vil spare ressursar samla sett for regionen, og i Hornindal er Hornindal idrettspark eit slikt anlegg.

8.2 Kriteria for utbygging.

- Handlingsplanen må byggje på ei realistisk vurdering av kva som er økonomisk mogeleg å få gjennomført, både med tanke på investering og ikkje minst drift og vedlikehald i komande planperiode.
- Det må finnast engasjement, og personar som har reell vilje til å ta på seg oppgåver for å kunne byggje og halde anlegg i gong på dugnadsbasis. I åra framover er slikt dugnadsarbeid avgjerande for å halde opp aktiviteten i dei store anlegga. T.d. gjeld fotball og ski.
- At ein prøver å leggje tilhøva til rette for dei fleste grupper i samfunnet, ikkje berre dei som er i sin mest aktive og friske alder.
- Tilgang til anlegg og område i rimeleg nærleik av der folk bur.
- Handlingsplanen må prioritere tiltak som stettar trongen og ynskjemåla frå innbyggjarane, og som kan la seg realisere.

8.3 Nye idrettsanlegg.

Resultatvurderinga frå den føregåande plan viser at mange store anlegg er realisert. Honndalshallen (fleirbrukshall), Kunstgrasbana, idrettsparken og anlegg knytt til Hornindal skisenter (m.a. varmestove) har alle dokumentert sin ”berettigelse” – med ulike tilbod og auka aktivitet. Av nye anlegg er turløypa frå ”Gamlesetra” til Horndøla bru prioritert i neste planperiode. Skule- og idrettsområdet er prioritert med nytt aktivitetsområde nord for Hornindal idrettspark. Det same er stadionhus/ lager m.m. ved kunstgrasbana og idrettsparken, snøkanon. Symjehall er førebels ikkje realisert, men ved renovering av bygningsmassen på skuleområdet bør det vurderast om slik hall er aktuell.

8.4 Nærmiljøanlegg.

Med planar for lokalisering av nye bustadfelt i kommunen kan det vere aktuelt å opparbeide nærmiljøanlegg i tilknytning til desse. Det har ikkje kome innspel om slike anlegg i grendene, men dette kan evt. takast inn ved den årlege rulleringa av planen. Eit mindre anlegg med lys for ski- /snøaktivitetar kan også vere aktuelt i tilknytning til bustadfeltet i Kirkhornsbyggane.



Aktivitetsplass på Grodås

8.5 Anlegg og område for friluftsliv.

Dei planlagde endringane – med større grad av tilrettelegging av badestranda v/ Grobygget bør gjennomførast i samsvar med planane frå Flataker Landskap. Like så bør strandpromenaden i sentrum vere aktuell å forlengje slik at heile området frå Storelva til Vikaelva kan knytast saman med gangsti. Også opparbeiding av friområdet langs strandsona på Ytrehorn vil vere eit viktig tilskot for friluftslivet langs vatnet. Det same vil planlagt småbåthamn på Ytrehorn.

Både i kommuneplanen og differensiert forvaltingsplan for Hornindalsvassdraget er det peika på viktige friluftsområde, som i liten grad treng opparbeiding eller tilrettelegging. Områda har kvalitet på grunn av si eigenart, og viktigaste tiltaket blir å hindre at området/ kvaliteten blir nedbygt eller øydelagt på anna måte.

Prosjektet kultur og næring arbeider m.a. med å ta Hornindalsvatnet meir aktivt i bruk. Eit av tiltaka er å restaurere dei gamle historiske bryggene langs vatnet. For Hornindal sin del av vatnet gjeld dette bryggene i Otterdal, Otterdalsnakken (Nakkebryggja) og i Kjøs.

Fiske i elvar og vatn i kommunen er svært attraktivt for mange, og langs Storelva har grunneigarlaget rydda stiar og bygt gapahukar på dei mest nytta fiskestrekningane. Innafor skule- og idrettsområdet er det bygt fiskeplass m/ gapahuk, spesielt tilrettelagt for rørslehemma. Prosjektet er realisert m.a. ved hjelp av statlege midlar (ikkje spelemidlar)

Grunneigarlaget har også vurdert å utvide tiltaka ved m.a. ved å merke gode fiskehølar og halde fram ved rydding av nye elvestrekningar.

Stiar og vegar i utmarka er nokre av dei mest nytta ”anlegga” for store grupper av innbyggjarane, og det er viktig at desse er godt rydda og merka. Trimgruppa i idrettslaget og Næringslaget har stått for mykje av dette arbeidet, men det kan også vere ei aktuell oppgåve for elevar i ungdomsskulen, m. a. gjennom prosjektet om fysisk aktivitet og kosthald.

Kvilebenkar utplasserast langs stiar og vegar er populære, særleg blant eldre, og desse tiltaka bør utvidast til også å omfatte strekningar utanfor sentrum. Informasjonsskilt, toalett, søppelkasser og parkeringsplassar er eksempel på andre tiltak som vil kunne auke bruken av dei mest nytta utfartsområda.

9 AREALSIKRING

For at nye tiltak skal kunne realiserast må det vere sett av areal i kommuneplanen sin arealdel eller i ein reguleringsplan – til det aktuelle anlegget. Dei anlegg som evt. er tenkt bygt på areal som ikkje er avsett til idrettsformål kan difor ikkje realiserast før det er utarbeidd ny plan, eller evt. gjeve dispensasjon frå gjeldande plan. I Hornindal kommune sin arealdel er heile området frå og med Hornindal skule – til grensa mot Ove Bruheim sin eigedom regulert til skule- og idrettsformål.



Foto: Bengt Flaten

Utbygging av idrettsanlegg innafor dette området skjer difor i samsvar med gjeldande plan.

Også areal til friluftsområde er sikra gjennom kommuneplanen sin arealdel eller i reguleringsplanar. I arealdelen er aktuelle område lagt ut som landbruk, natur og friluftsområde (LNF-område). Denne arealkategorien omfattar store deler av arealet i kommunen, og innafor desse områda kan det etablerast ulike tiltak som fremjar friluftslivet.

For å sikre ålmenta sine interesser kan det i svært sjeldne tilfelle vere aktuelt å løyse inn areal til friluftformål, men i dei aller fleste tilfelle vil det vere tilstrekkeleg å sikre tilgjenge – og bruk av området gjennom avtale med grunneigaren/ grunneigarane.

10 DRIFT OG VEDLIKEHALD

Drift av anlegg for idrett og friluftsliv femner om idrettsleige, miljømessige, økonomiske, tekniske og administrative tilhøve og oppgåver.

For å kunne løyse desse oppgåvene på best mogeleg måte er viktig at ein alt i planprosessen tenkjer drift, og finn praktiske og klimavenlege løysingar på alt frå val av infrastruktur – til sambruk, materialval, estetikk, reinhald m.m. Dette krev godt gjennomarbeidde planar, samt innsikt og fagkunnskap om slike spørsmål.

I tilknytning til søknad om spelemidlar har det siste åra vore fokusert meir på drift og vedlikehald, og på same måte som krav til kostnadsrekning, finansiering og kredittvurdering, vert det også stilt strenge krav til ein drifts- og vedlikehaldsplan for anlegget. Tiltakshavar/ byggherre har ansvaret for anleggsutbygginga, drifta og vedlikehaldet av anlegget, i tillegg til tryggleiken.

10.1 Kommunale anlegg og driftstilskot

Hornindal kommune eig og driftar Honndalshallen, mens idrettslaget o.a. brukarar kjøper treningstider i hallen. I tillegg eig kommunen kunstgrasbana, men der fotballgruppa har driftsansvaret. Hornindal idrettspark er eigd av Hornindal idrettslag, og det er aktuelt å inngå samarbeidsavtale med kommunen om drift- og vedlikehaldet. Kommunen har også ansvar for strandpromenaden i sentrum (Laurapromenaden).

Hornindal kommune

Ordføreren

Helse- og Omsorgsdepartementet v/Helseminister Bent Høie
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Vår ref:
19/51-1/ SOLO

Dykkar ref.

Dato:
30.01.2019

Nye vegsamband må takast omsyn til også av helseføretaka

I det etterfølgjande gjer underteikna greie for korleis det er å oppleve at helseføretaka ikkje tek innover seg at nye vegsamband endrar tilgangen på helsetilbod. Det er viktig å understreke at dette gjeld der Nordfjord sjukehus ikkje er eit reelt alternativ. Nordfjordingar vil framleis nytte Nordfjord sjukehus. Men ved akutt sjukdom og skader innan både kirurgi og ortopedi, er Volda sjukehus eit godt og mykje nærare alternativ enn Førde sentralsjukehus etter at tilbodet forsvann ved Nordfjord sjukehus.

- E39 Kvivsvegen (22 statlege føretak har grensa si i Kvivstunellen):
 - At nye vegsamband forandrar samfunnet og skapar nye bu- og arbeidsregionar er E39 Kvivsvegen eit særst godt eksempel på.
- Kommunesamanslåing Nye Volda:
 - På grunn av dette vegsambandet er det mogleg for Volda og Hornindal å byggje ein ny kommune saman. Ekstra utfordrande for vår samanslåing er dei statlege føretaksgrensene som i dag eksistera mellom oss. Spesielt vanskeleg har det vist seg å vere med helseføretaksgrensa.
- Helseføretaksgrense (Helse Vest og Helse Midt):
 - Det er utfordrande å ligge på grensa mellom to helseføretak.
 - Det ligg ein svakheit i nasjonal sjukehusplan, at det ikkje vart teke tilstrekkeleg omsyn til ny infrastruktur då planen vart utarbeidd. Planen vart basert på 15 år gamal infrastruktur og 15 år gamle føretaksgrenser som ikkje er hensiktsmessige i dag.
 - Manglande dialog på tvers av helseføretaksgrensene? Det kan virke som ein planlegger kvar for seg, utan å ta omsyn til korleis det vil fungere i grensetraktene mellom helseføretaka.
 - Føretaksmodellen har ført til «mitt og ditt» område og tette skott mellom føretaka, i dette tilfellet Midt og Vest. Eg saknar ei forklaring på kvifor det er så vanskeleg å tilpasse behandlingsskjeda til pasientane og ikkje omvendt?
 - Betyr føretaksøkonomi og prestisje meir enn pasientane sitt ve og vel? Dessverre er det for mange som føler det slik.

Adresse
Postboks 24, 6761 Hornindal

Telefon
57 87 98 00

Org.nr
835 095 762

E-post
post@hornindal.kommune.no

Internett
www.hornindal.kommune.no

- Overgangsavtale:
 - Det eksistera i dag overgangsavtaler for fødande, men ikkje på akutte ambulanseoppdrag. Det betyr i praksis at dei fleste ambulanseoppdrag vert slusa til Førde sentralsjukehus, sjølv om Volda sjukehus er eit godt alternativ som ligg 60-110min nærare alt etter kvar ein bur nord om Nordfjorden.
 - Kvifor er det vanskeleg eller nærmast ingen interesse for å utforme overgangsavtaler på alle akuttoppdrag der Volda sjukehus er eit godt alternativ? Kan det ha med liggedøgn og økonomi å gjere?
 - Det er vanskeleg og forstå og endå vanskelegare å forklare/forsvare det samfunnsmessige reknestykkje det innebere å køyre pasientane mykje lenger enn naudsynt grunna gamle helseføretaksgrenser.
 - Prinsippet om pasienten i fokus og rask hjelp er ikkje i samsvar med dagens praksis og vanskeleg å forsvare.
 - Kva med økonomi totalt sett?
 - Kva med miljøaspektet?

- Ambulanseoppdrag:
 - Ambulansar frå Volda kan i dag ikkje hente pasientar frå vårt område fordi vi ligg i eit anna helseføretak, men ambulansane frå Volda køyre tvers gjennom Hornindal kommune for å hente pasientar i Stranda kommune.
 - Den nærmaste ambulansestasjonen for oss ligg i Stryn, utfordringa her er at desse ambulansane i dei aller fleste tilfella får beskjed om at pasienten skal til Førde sentralsjukehus, også der Volda sjukehus er eit godt alternativ.

 - Avstand og reisetid berekna av google:
 - **Hornindal sentrum - Volda sjukehus** : 35km 28minutt
 - **Hornindal sentrum - Førde sentralsjukehus** : 142km 2t 20min via Stryn og_Utvikefjellet. Alternativt (ferje Anda-Lote) 136km 2t 32min
 - **Stryn sentrum - Volda sjukehus**: 57km og 48minutt
 - **Stryn sentrum - Førde sentralsjukehus**: 119km 2t 0min

- Legevakt:
 - I dag er det slik at legevakta i Nordfjord er lokalisert til Eid. Erfaring viser at dei fleste legevaktslegane sender pasientane til Førde sjølv om dette for Nordfjordingar flest er vesentleg lenger enn til Volda. I og med at sjukehuset på Eid har ein redusert funksjon er det sjeldan eit alternativ for anna enn indremedisinske sjukdommar.

- AMK:
 - Ved akutte oppdrag der fritt sjukehusval ikkje er eit alternativ opplever vi ofte at pasientar som skadar seg i vårt område vert sendt til Førde mot si vilje. Dette kan også gjelde personar som kjem frå Volda/Ørsta og eksempelvis skadar seg i skisenteret i Hornindal, eller trafikkulukke med personskader.

- Beredskap:
 - Det er på desse kantar mykje snakk om beredskap og reduksjon i antal ambulansar for å spare pengar. Då er det vanskeleg å forstå at ambulansane vert opptatt unødig lenge med transportoppdrag fordi ein ikkje kan køyre til eit «konkurrerende» helseføretak med pasientane. Det eksistera heller ikkje noko flåtestyring av ambulansane på tvers av helseføretaksgrensene. Det betyr at helseføretaka kun har oversikt over seg og sine ambulansar. Politiet derimot fortel at dei kan sjå tenestebilane på begge sider av same grensa. I skrivande stund har vi også fått i stand ei avtale på brann som gjer at Hornindal brann- og redningsvesen kan kallast ut både frå 110-sentralen i Florø og Ålesund.

- Traumesjukehus:
 - Ved kritiske spørsmål til denne praksisen får underteikna ofte til svar at Volda sjukehus ikkje er eit traumesjukehus, alternativet til Førde er Ålesund.
 - Underteikna har kontakta fagfolk i Helse Møre og Romsdal som fortel at Nasjonal traumeplan har stadfesta at det finst to typar traumesjukehus i Noreg. Traumesenter/ universitetsklinikk og akuttsjukehus med traumefunksjon. I Helse Møre og Romsdal vert det no gjort eit arbeid med å implementere nasjonal traumeplan. Tidlegare har Volda sjukehus hatt status som akuttsjukehus utan traumefunksjon. Likevel har sjukehuset i dag eit traumeteam i beredskap 24/7 for å handtere skadde som ikkje er transportable. Alle medlemmar i teamet kursast regelmessig etter nasjonale standardar. For å samstemme organiseringa med den nasjonale traumeplanen, er det etter mitt syn mest nærliggande og fornuftig å gjere om Volda sjukehus til akuttsjukehus med traumefunksjon på linje med andre sjukehus på same storleik, som til dømes Namsos sjukehus.

- Eksempel på korleis det ikkje fungera:
 - For ei tid tilbake var det ein ungdom frå Vanylven i Møre og Romsdal som braut kragebeinet på skisenteret i Hornindal. Han fekk god hjelp av ein kommunelege frå Volda som tilfeldigvis var i anlegget denne dagen. Denne kommunelegen fortalte underteikna at ho hadde rekvirert ambulanse, mitt umiddelbare spørsmål var om ho hadde sjekka kva destinasjon ambulansen hadde fått?. Ho rekna med det var Volda, men ringte opp igjen og fekk stadfesta at denne pasienten skulle til Førde. Personleg ringte eg direkte til Volda for å prøve å få ambulanse derifrå, utan hell då dei ikkje kunne hente pasientar i Hornindal. For å gjere ei lang historie kortare så enda det med at det vart rekvirert taxi på rødt respons slik at denne ungdommen kunne få behandling på Volda sjukehus, nær heimstaden.

- Generelt:
 - Det finst dessverre mange fleire tragiske eksempel på korleis det ikkje fungera på grensa mellom to helseføretak, ekstra utfordrande er det for meg å oppleve at ambulansarbeidarar tek kontakt for å få slutt på ein praksis dei ikkje føler seg komfortabel med. Dei må mang ein gong, mot si vilje, transportere uavklarte pasientar unødig lenge i bilane fordi reiseavstanden innanfor eige helseføretak er lang. Dette har langt på vegg vorte ei HMS belastning på ambulansesjåførane.

- Personleg er eg også brann- og redningsmann og gjennom denne rolla er det dessverre uråd og ikkje legge merke til dei tette skotta mellom helseføretaka. Mang ein gong har eg personleg opplevd at både AMK og legevaktslegane overprøver ambulansetilsette som gjerne skulle køyrt til Volda sjukehus framfor ein fire gongar så lang tur til Førde sentralsjukehus.
- Slik det ser ut no så vil Hornindal verte ein del av Helse Midt når Nye Volda vert ein realitet 01.01.2020. Det betyr at vi flyttar desse utfordringane nærmare Stryn sentrum, men som du ser er reiseavstanden frå Stryn sentrum også mykje kortare til Volda enn til Førde. Då vil problemstillinga truleg kome opp på nytt.
- Det vert oss fortalt at det er automatikk i at nærmaste ambulanse skal rykke ut, det betyr at det i så fall også i framtida vil vere ambulansane frå Stryn som hentar oss, men kva vert då destinasjonen?
- Alternativet er at ambulansen kjem frå Hovdebygda (Ørsta) noko som er ca. 10-15. minutt lenger utrykkingstid.

Som du sikkert forstår er det etter mitt syn særst viktig at ein kan få i stand ei overgangsavtale også på akuttoppdrag og ikkje berre for fødande. Årsaka til dette er rett og slett avstand og reisetid etter at nye ferjefrie vegsamband som E39 Kvivsvegen gjer til at Volda sjukehus er det nærmaste akuttsjukehuset for Nordfjordingar nord om Nordfjorden. Det er vanskeleg å akseptere eit stivbeint system for både fagfolk og publikum. Publikum forventar å sjå handfaste bevis på at kommune- og regionreform gjev gevinstar og ein enklare kvardag.

Til orientering så har vi lukkast med å få Møre og Romsdal – Sogn og Fjordane til å utforme ei overgangsavtale på vidaregåande skule. Det betyr i praksis at elevar frå mellom anna Hornindal på like vilkår kan søkje plass på begge sider av dei nye regiongrensene. Tilsvarande avtale burde ein kunne få til på helse, slik at Nordfjordingar også kunne få nytte Volda sjukehus på akuttoppdrag som ikkje er i kategorien traumepasientar. Etter mitt syn vil ei slik overgangsavtale vere samfunnsøkonomisk, eit godt miljøtiltak, styrke beredskapen og ikkje minst vere til pasienten sitt beste.

Helsing

Med venleg helsing
Stig Olav Lødemel
 Ordførar (H) i Hornindal

Mobil: +47 474 84 987 ---- Tel: +47 57 87 98 02



Hornindal kommune

Hornindal Kommune ---- Tel: +47 57 87 98 00
 Mail: post@hornindal.kommune.no
 Besøksadresse: Smia, 6763 Hornindal
 Postadresse: Postboks 24, 6761 Hornindal

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:
Reisetid

1348061

30.01.2019

Reisetid minutt (NAF)	til Volda	Ålesund	Førde	Befolkning
Fosnavåg	48	109		8900
Larsnes	48	106		2600
Ulsteinvik	35	74		8300
Hareid	44	62		5100
Stranda	84	82		4600
Fiskåbygd	99	148		3300
Grodås	34	123	136	1200
Stryn	53		116	7200
Eid	64		116	6000
Måløy	112		165	6100
Selje	130		182	2800
Ørsta	10	79		10600
Volda		89		9000

Raud tekst - med ferge

Sum: 75700

Studentar: 4000+5.000?

Asylantar+: 2000

Framandarbeidarar: ?





Grensejustering Bjørke og Viddal frå 01.01.2020

Sluttrapport frå interkommunal arbeidsgruppe overlevert i møte med nye Volda kommune 29.01.2019:

- Kartlegging av eigedomar og tenester som skal overførast frå Ørsta til nye Volda kommune i samband med grensejusteringa

Vidare arbeid skjer direkte mellom dei respektive einingane i kommunane



Kartlegging av

- Eigedomar
- Tenester
- Avtalar m.m.

Inntekter (t.d. eigedomsskatt og kraftinntekter) kjem i eiga utgreiing seinare

I tidlegare møte var vi einige om at det i utgangspunktet skal nyttast bokført verdi. Det som ikkje er klart, er kva som skal nyttast dersom denne ikkje kan identifiserast. Vi foreslår difor at det skal nyttast takst der det ikkje er bokført verdi. Dette bør nærare regulerast i avtalar. Døme: Vegar, utstyr i brannstasjon etc. Må også avklare nærare om tidspunkt for verdisetjing skal vere pr. 01.01.2019 minus avskrivning 1 år, eller vente til 01.01.2020. Nye investeringar i 2019 kjem også i tillegg.



Seksjon: Kultur og landbruk

Kultur:

- Vert delt ut av frie kulturmidlar etter søknad
 - Oversikt 2015 – 2018
 - Vedlegg A: Kommunale kulturtilskot til Bjørke og Viddal
 - Oversikt 2019 må sendast om eitt år

Landbruk:

- Felles landbrukskontor for Volda og Ørsta
 - Er i gang med å få til ordning også for Hornindal
 - Skal ikkje verte praktiske eller økonomiske konsekvensar for Bjørke/Viddal
 - Vert nytt kommunenummer og nye gardsnummer
 - Vedlegg B: Kommunesamanslåing – godkjende gardsnummer, side 9

KULTURTILSKOT TIL KRINSANE BJØRKE/LEIRA/VIDDAL 2015-2018

	2015	2016	2017	2018	Sum
Tilskot til kulturføremål:					
Skjåstaddalen frilynde ungdomslag	8 000	7 000	6 000	4 000	25 000
Bjørke idrettslag			4 000	3 000	7 000
Sum tilskot til kulturføremål	8 000	7 000	10 000	7 000	32 000
Tilskot til forsamlingshus:					
Forsamlingshuset Haukly		20 000	10 000	Ikkje søkt	30 000
Viddal Ungdomshus				15 000	15 000
Sum tilskot til forsamlingshus	0	20 000	10 000	15 000	45 000
Festivaltilskot:					
Indiefjord-festivalen	10 000	10 000	10 000	10 000	40 000
Sum festivaltilskot	10 000	10 000	10 000	10 000	40 000
17. mai-tilskot:					
Bjørke krins	2 000	2 500	2 000	Ikkje søkt	6 500
Sum 17. mai-tilskot	2 000	2 500	2 000	0	6 500
Andre kulturtilskot:					
Kyrkjebåten på Bjørke	10 000				10 000
Einar Saure ... frå Bjørke (bok)			1 000		1 000
Bakketunet			37 500		37 500
Sum andre kulturtilskot	10 000	0	38 500	0	48 500
TOTALT KULTURTILSKOT	30 000	39 500	70 500	32 000	172 000



Seksjon: Skule

- Avtale med Hornindal og Volda om skulebarn på Bjørke
 - Avtale om skuleplass går ut ved grensejustering
 - Kan ev. spesifiserast i avtale at den fell vekk pr. 01.01.2020
- Skuleskyss
 - Kostnad varierer med tal på barn og kva skule dei går på (utrekning kan ettersendast)
- Ørsta skule har eige intranett
 - Ingen endring for elevar på Bjørke og Viddal sidan dei alt går i andre kommunar
- Spesialundervisning: Ingen
- Barnetal: Sjå neste side



Seksjon: Skule (2)

OPPGÅVE OVER BARNETAL ETTER FØDSELSÅR/ELEV TAL PÅ SKULANE I ØRSTA																				
Grunnskuleelevar i Ørsta kommune skuleåret 2018-2019 per 01.03.18																				
ALDERS GRUPPE	FØRSKULEALDER							BARNESKULEALDER							UNGD. SKULE ALDER				Sum born 0-16 år	
	Fødselsår	2018	2017	2016	2015	2014	2013	Sum	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	Sum	2005	2004		2003
Årstrinn								1	2	3	4	5	6	7		8	9	10		
Bjørke **)	1	1	1	1	0	2	6	0	0	0	1	0	0	2	3	0	1	0	1	10
**) Born under skulealder i Bjørke krins går i bhg i Hornindal og i Austefjord. Elevar frå Bjørke krins går på Austefjord skule.																				
Barn i førskulealder er lagt inn ut frå lister frå Det Sentrale Personregister. Oversikta viser born født i 2018 tom 28.02.																				
1. - 10. klassingar er lagt inn med det som ligg i IST pr i dag																				

- Eleven på 9. trinn går på skule i Volda sentrum (etter søknad frå Volda kommune)
- Dei andre skulebarna tok til i Hornindal denne hausten (fom. skuleåret 2018/2019)



Seksjon: Barnehage

- Avtalar om at barn frå Bjørke kan vere i barnehage i Austefjord eller Grodås
- Avtalar med Volda og Hornindal om bruk av barnehage for barn i Storfjord sokn
 - Avtalar om barnehageplass går ut ved grensejustering
 - Kan ev. spesifiserast i avtale at dei fell vekk pr. 01.01.2020 når soknet vert ein del av Volda
- Barnetal pr. november 2018:
 - 4 små barn (0-2)
 - 3 store barn (3-6)



Tenester innan helse og omsorg

- Seksjon: Helse og velferd
 - Helsetenester: Fleire som skal bruke helsetenester i Volda
 - Fastlege: Innbyggjarane vel fritt
- Seksjon: Bu- og habiliteringstenesta
 - Avlastningsbehov eller fysiske handikap: Ingen
- Seksjon: Omsorg og rehabilitering
 - Heimehjelp: To timar annakvar veke til ein brukar
 - Heimesjukepleie: Akkurat avslutta.
 - Dette er behovsprøvd og behovet kan endre seg på kort varsel



Tenester innan helse og omsorg (2)

- Stab: Tildeling og koordinering
 - Generelt lite omfang av tenester, klarar seg stort sett sjølve
- Andre tenester:
 - Støttekontaktar: Ingen
 - Startlån: Ingen
 - Etableringstilskot (m/pant i bustad): Ingen
 - Utbetringstilskot (m/pant i bustad): Ingen
 - Sosiallån: Ingen
 - BPA-ordning: Ingen
 - Omsorgsstønad: Ingen



Tenester innan helse og omsorg (3)

Tryggleiksalarmar:

- Må bytast grunna ulike system i Ørsta og Volda
 - Nye bør vere på plass i god tid før 01.01.2020
 - Ingen økonomisk mellomverande, abonnement vert stoppa pr. 01.01.2020
 - Det er pr. i dag ingen tryggleiksalarmar på Bjørke eller Viddal

Arkiv:

- Vanleg
 - Vert avslutta i Ørsta. Volda startar med nytt arkiv
- Elektronisk – Gericca (heimetenester)
 - Overføre tilgang pr. 01.01.2020 ved samtykke, sjå neste side



Tenester innan helse og omsorg (4)

- Overføre tilgang pr. 01.01.2020 ved samtykke (forts.)
 - Vi har etter det vi kan sjå tre ulike situasjonar:
 1. Brukarar/pasientar som har tenester i Ørsta kommune og som ynskjer i fortsetjinga å motta same tenestene frå Volda kommune
 - Desse må verte orienterte og spurde om dei aksepterer at tidlegare info vert tilgjengeleg for Volda
 2. Brukarar/pasientar som har hatt tenester i Ørsta, men der tenestene er avslutta
 - Dette er det truleg ikkje aktuelt å gi Volda tilgang til, men den dagen dei søker Volda om ny teneste, vil mest truleg dei gamle opplysningane følgje med. Dei dette gjeld må også orienterast og spurde om dette er OK.
 3. Arkiv på døde pasientar før 01.01.2020
 - Dette skal ikkje flyttast til Volda
 - Aktuelt å drøfte med arkivansvarlege og lage rutinar rundt dette saman med omsorgstenesta i Volda



Seksjon: Eigedom

Ingen kjende eigedomar som vert drivne av denne seksjonen pr. dato.

Brannstasjonar o.a. vert drivne av seksjon Tekniske tenester.

Areal

- I sameige med andre kommunar
 - Ingen endring
- Der Ørsta kommune står som einaste eigar
 - Bør overtakast av Volda etter vanleg praksis
 - Pris etter bokført verdi, ev. takst
- Oversikt i eige vedlegg



Seksjon: Teknisk – Brann- og redningsvern


Brann- og redningsvern

- Tilsette
 - 6 personar i 0,29 % stilling som brannkonstabel
 - Tillegg på kr 9000 i godtgjersle og kr 30 i risikotillegg pr. år
 - Sum pr. tilsett om lag kr 13400 – totalt for alle tilsette om lag kr 80000 pr. år
 - Arbeidsgjevaransvar bør overførast til Volda, vert handtert vidare direkte mellom personal og brannvern i kommunane
 - Vedlegg C: Mannskapsliste

- Verdier
 - Bygg, køyretøy og diverse utstyr
 - Bør overførast til Volda slik at det er same utstyret dei er vande med å bruke
 - Spesifisert på neste side

Seksjon: Teknisk (2) – Brann- og redningsvern

- Verdier forts.
 - Bygg
 - 60 m² isolert garasje i OK stand
 - Pris etter bokført verdi, ev. takst
 - Grunnen eigd av fleire kommunar og fylkeskommunen i saman, sjå bilete.
 - Ingen endring av eigarforholdet grunna grensejusteringa
 - Køyretøy
 - Mercedes-Benz Unimog 1985-mod. i OK stand
 - Kjøpt for kr 400000 i 2011 (bokført verdi, ev. takst)
 - Diverse utstyr
 - Nypris ekskl. mva kr 244350 (bokført verdi, ev. takst)
 - Vedlegg C: Utstyrliste
 - Terminal for naudnett og satellittelefon kjem i tillegg, sjå også under beredskap (tekn. 6)





Seksjon: Teknisk (3) – Kommunegrense

- Ny kommunegrense
 - Utgjer ei strekning på 27 km
 - Er basert på grunnkringsgrenser oppteikna i 1979 for å kunne utføre folketeljing
 - Vart ikkje trekte etter eigedomsgrensene mellom fjellutmarka mellom bygdene i Skjåstaddalen og Bondalen og mellom Viddal og bygdene Stenes/Norang/Skylstad
 - Dette grunnlaget er for usikkert for trekking av ny kommunegrense
 - Det er uheldig at bygdene kan verte eigarar av fjellutmark i både Volda og Ørsta
 - Vedlegg D: Møte med Kartverket 03.01.2019
 - Kommunegrensa er fastsett og kan ikkje klagast på
 - Kartverket vil ikkje ta på seg å avklare kvar eigedomsgrensene i fjellutmarka går, eller kven som er eigarar av fjellutmarka
 - Ved seinare avklaring av grenser står kommunegrensa fast og grunneigarar må i nokre eller i dei fleste høve ha eigedom i begge kommunane
 - Kartverket tek på seg matrikkelføringa



Seksjon: Teknisk (4) – Kommunale vegar og bruer

Kommunale vegar og bruer

- Vedlegg E: Verdier
 - Vegar
 - 9 strekningar, alle med kommunal standard
 - 7530 meter veg, omlag halvparten grusdekke og halvparten asfaltdekke
 - Delvis rekkverk på nokre av strekningane
 - Bruer
 - 2 på Bjørke, 2 på Finnes og 1 på Viddal, til saman 5 bruer
 - Vedlegg F: Tilstandsvurderingar
 - Tussabrua oppgradert i 2014 etter flaum i 2012
- Elveførebygging Åkre kommuneveg hausten 2018
- Pris etter bokført verdi, ev. takst. Nokre av prisestimata er nemnde



Seksjon: Teknisk (5) – Kommunale vegar og bruer

Kommunale vegar og bruer forts.

- Driftskostnader
 - Brøyting og strøying
 - Avtale med Saure Maskin DA
 - Varigheit tom vinteren 2019/2020
 - Bør gjerast avtale om oppseiing eller overføring pr. 01.01.2020
 - Grusing og vedlikehald
 - Kostnad for grusing og støvdemping om lag kr 129000
 - Grusforbruk om lag 700 tonn
 - Støvdemping med kalsiumklorid om lag 4 tonn
 - Om lag 3 heile dagar med leige av lastebil, arbeidarar og veghøvel
 - Ny grus på alle vegar, om lag 5 – 10 cm, kvart 4. år gir ein grei vegstandard
 - I tillegg kjem reparasjon etter ev. vårflaumar



Seksjon: Teknisk (6) – Investeringar

Investeringar

- Påbyrja eller gjennomførte
 - Vegutbetring (sjå vedlegg)
 - Andre påbyrja eller gjennomførte prosjekt i 2019
 - Rekkverk, asfalt, toalett?
- Planlagde
 - Gjennomgang av prioritering i høve kapasiteten til liks med resten av kommunen
- Avtalar om overtaking bør utarbeidast
 - Pris etter bokført verdi, ev. takst



Seksjon: Teknisk (7) – Beredskap

Beredskap

- Skred
 - Volda tek over ansvaret pr. 01.01.2020
- Satellittelefon og naudnetterminal
 - Bør overførast til Volda (pris etter bokført verdi, ev. takst)
- Mobilmast
 - Skal overtakast av Volda, jf. brev frå fellesnemnda
 - Kostnad ikkje ferdig utrekna (pris etter bokført verdi, ev. takst)



Seksjon: Teknisk (8) – VARF

VARF

- Vatn
 - Privat, ingen kommunal ordning
- Avløp
 - Privat, ingen kommunal ordning
- Renovasjon
 - Utførast av VØR, ingen endring
 - Slamavskiljarar, vert administrert av VØR, ingen endring
- Feiing
 - Tal på feiepunkt er 91.
 - Opplysningar ligg i Komtek, vert handtert vidare direkte mellom einingane i kommunane



Seksjon: Teknisk (9) – Kyrkje

Kyrkje

- Driftsutgifter
 - Om lag kr 70000 årleg (2016)
- Løn
 - Om lag kr 160000 årleg (2016) inkl. arbeidsgjevaravgift og pensjonsutgifter
 - Gjeld tre mindre stillingsprosentar
 - Klokkar (6 % i Storfjorden)
 - Kyrkjetenar (15 % i Storfjorden, 35 % i Hjørundfjorden)
 - Organist (15 % i Storfjorden)
- Samla overføringar til soknet om lag kr 230 000 årleg (2016)
- I tillegg kjem del av overføringar for drift og investeringar til kyrkjeleg felle råd



Seksjon: Teknisk (10) – Kyrkjegard

Kyrkjegard

- Areal
 - Er delvis eigd av Ørsta kommune, skal overførast til Volda kyrkjelege fellesråd
- Grasklipping etc.
 - Ingen egne tilsette, utført av tilsette i uteseksjonen
 - Ingen utstyr, vert teke med av tilsette frå Ørsta og tilbake etter ferdig arbeid
 - Tidsforbruket gjennom ein sesong er mellom 250 – 300 timar



Seksjon: Teknisk (11) – Kyrkjegard

Kyrkjegard forts.

- Redskapsskur
 - Matrom og toalett
 - Disponibelt for soknet og tekniske tenester
 - Usikker på om dette er regulert med avtale
- Utstyr
 - Senkeapparat, tinematte etc. (verdi om lag 50.000)
 - Bør overtakast av Volda, dei kjenner dette utstyret
 - Div. handverktøy (pris etter bokført verdi, ev. takst)



Seksjon: Teknisk (12) – vidare arbeid på einingsnivå

Detaljar som kan utvekslast på einingsnivå

- Planar
 - Beredskapsplanar, reguleringsplanar, overordna planar, delplanar og andre planar
- Kartlegging av nedgravne oljetankar
- Gatelys på privat/offentleg veg
- Gang-/sykkelvegar
 - i tunnelen?

Denne presentasjonen er resultatet til den internkommunale arbeidsgruppa. Vidare arbeid vert avklart direkte mellom dei respektive einingane i kommunane.





NOTAT

Til: Styringsgruppa
Frå: Andreas Chr. Nørve
Kopi: Olaus Jon Kopperstad, Olaug Andreassen, Einar Vik Arset, Hilde Ringen Hofseth, Monika Seljeseth, Oddbjørn Indregård, Jostein Korsnes og Ragnhild Velsvik Berge.
Sak: Interkommunalt samarbeid - Styringsgruppa - 3K - Ulstein, Herøy og Vanylven (Sande)

Saksnr *Løpenr/Arkiv* *Dykkar ref.* *Avd/Saksansvarleg* *Dato*
2018/779 546/2019 / 026 RÅD / NORAND 20.01.2019

Styringsgruppemøte 3K - referat frå møte 17. januar 2019

Dato og møtestad:	17.01.19 - Herøy rådhus
Frå Herøy kommune:	Rådmann Olaus-Jon Kopperstad, HVO Olaug Andreassen
Frå Ulstein kommune:	Rådmann Einar Vik Arset, HTV Hilde Ringen Hofseth
Frå Vanylven kommune	Rådmann Andreas Chr. Nørve, HTV Monika Seljeseth
Frå Sande kommune	Forfall: rådmann Oddbjørn Indregård og Jostein Korsnes

Hareid kommune var invitert til møte, og rådmann Ragnhild Velsvik Berge deltok på møte

Sakliste:		Ansvar:
	<ol style="list-style-type: none">Status samarbeidsprosjektNye samarbeidsprosjektVegen vidare: 3K, 4K, 5K, 7K?Eventuelt	
Sak:		
1.	Status samarbeidsprosjekt 1.1 Generelt Innleiingsvis var det gjeve ei orientering om bakgrunnen for initiativet til kommuneblokk-samarbeidet. Utgangspunktet for samarbeidet var uttalen frå fylkesmannen til Vanylven kommune, etter kommunereformsarbeidet, om at Vanylven kommune kunne bestå som eigen kommune, dersom kommunen søkte samarbeid på kompetansekreivjande fagområde. Vanylven kommune starta arbeidet i februar 2017, og etter invitasjon var det gjennomført ei kartlegging og forankring av samarbeidet våren 2018 for Vanylven, Herøy og Sande kommune.	

Fylkesmannen ville støtte kommuneblokk-samarbeidet med kr 1 000 000, under føresetnad av at tre kommunar fekk til eit slikt samarbeid.

Etter at Sande kommune søkte samarbeid mot andre kommunar, så tok Herøy og Vanylven kommunar kontakt med Ulstein kommune og fekk formalisert samarbeidet med Ulstein kommune på dei fleste fagområda. Vi fekk støtte frå fylkesmannen på kr 1 000 000, som i hovudsak vil bli brukt til å etablere eit felles plankontor med fokus på samfunnsplanlegging.

1.2 Skatteoppkrevjarfunksjonen (Herøy, Vanylven og Ulstein)

Det første formelle samarbeidsområdet for Vanylven, Herøy og Ulstein kommunar var på skatteoppkrevjarområde, der vi frå 1. januar 2019 har samlokalisert skatteoppkrevjarfunksjonen for Herøy, Vanylven og Ulstein kommunar i Fosnavågen. Her er det i dag to stillingar. Det er eit ønskje om å få inn fleire kommunar, slik at vi kan få eit godt fagmiljø og sikre effektiviseringsgevinst. Økonomisjefane har ytra ønskje om ei orientering, og skatteoppkrevjaren får i oppgåve å gi ei slik orientering.

1.3 Brannvern (Herøy og Vanylven)

Herøy og Vanylven kommunar har frå 1. januar 2019 felles brannsjef. Dette er eit område som det blir vurdert om vi kan få til eit større samarbeid på. Ei slik kartlegging skal vere klar innan mai/juni 2019.

Både Ulstein og Herøy skal byggje ny brannstasjon og det kunne vere føremålstenleg å avklare eit samarbeid, slik at det ikkje blir bygd kontorfasilitetar på begge lokasjonane.

1.4 NAV og barnevern (Herøy og Vanylven)

På tenesteområda barnevern og NAV har vi òg oppstart den 1. januar 2019. På barnevernet vil vi bruke KS-konsulentar for å sikre at vi får etablert gode og effektive tenester.

1.5 Sentralbord (Hareid, Ulstein, Herøy, Volda og Vanylven)

Vanylven kommune har etablert dette og det er eit ønskje om å få ned kostnadane. Dette kan vi få til dersom vi får til ei større dekningsområde med ei auke på kanskje på 20 000 innbyggjarar, og det naturlege er vi prøver å få med Ørsta og Sande.

1.6 Rekneskapskontor (Herøy, Ulstein og Vanylven)

Vanylven kommune har her etablert eit rekneskapskontor og vil i løpet av februar tilby tenester for Herøy og Ulstein

1.7 Plankontor (Herøy, Ulstein og Vanylven)

Herøy kommune vil etablere eit plankontor for samfunnsplanarbeid. Stilling er utlyst og det vert gjennomført intervju og gjort innstilling. Kontoret vil jobbe med overordna kommuneplanarbeid. Korleis vi vil bruke ressursen er noko vi må jobbe med og leggje føringar for. Det er ein diskusjon om kva strategiske stillingar som må vere samlokalisert med rådmannen og kva som ikkje må vere samlokalisert.

<p>2.</p>	<p>Nye samarbeidsprosjekt</p> <p>2.1 Brannvern Det er starta eit utgreiingsarbeid for brannvern på 7K og det er nedsett ei arbeidsgruppa som skal levere sitt arbeid mai/juni 2019 med sikte på at samarbeidet kan etablerast den 1. januar 2020.</p> <p>2.2 Landbrukskontor Det har vore eit møte knytt til felles landbrukskontor for 7K. Resultatet her er at Vanylven kommune blir invitert til samtalar med Søre Sunnmøre landbrukskontor.</p> <p>2.3 Kommunepsykolog Fleire kommunar på Søre Sunnmøre har søkt og fått tildelt ressursar for tilsetjing av kommunepsykolog, men det er vanskeleg med rekrutteringa. Ulstein kommune ser på moglegheiter for å samarbeide med det private psykologsenteret. Herøy og Vanylven kommunar ser på moglegheitene for samarbeid om eit felles kontor.</p> <p>2.4 Legevakt og kommuneoverlegefunksjon Samarbeid om legevakt er eit område som kommunalsjefane må følgje opp, og det er eit samarbeid som gjeld heile Søre Sunnmøre.</p> <p>Når det gjeld den administrative kommuneoverlegefunksjonen, var det drøfta om vi kunne få til eit samarbeid. Hareid kommune har i dag ikkje tilsette i ein slik funksjon og Ulstein kommune har ei mellombels løysing fram til sommaren. Det blir tilrådd at kommunalsjefane ser på dette området og vurderer om vi kan få til eit samarbeid på dette området.</p> <p>Det er naturleg at spørsmål om legevakt og kommuneoverlegefunksjonen blir meldt inn som sak i neste rådmannsgruppemøte for eventuelt vidare oppfølging</p>	
-----------	--	--

3.	<p>Vegen vidare: 3K, 4K, 5K eller 7 K Styringsgruppa vurderte og var samd om at det er viktig å sikre eit godt samarbeid på 7K-nivå, sjølv om det er slik at det kan virke som det er lettare å få til samarbeid i mindre «blokkar» før ein jobbar vidare til eit stort 7K-samarbeid.</p>	
4.	<p>Eventuelt Hareid kommune tek stilling til om det er ønskjeleg å delta i kommuneblokksamarbeidet mellom Herøy, Vanylven og Ulstein kommune.</p> <p>Hareid kommune viste til at det er viktig at vi ser mot Nye-Ålesund og sikrar oss samarbeid på dei områda som nye-Ålesund fokuserer på, til dømes når det gjeld synergiane som nye-Ålesund får ved tett samarbeid med NMK.</p>	
11.	<p>Neste styringsgruppemøte Olaus-Jon kallar inn til nytt styringsgruppemøte.</p>	

Andreas Christian Nørve, referent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Rådmennene utanfor styringsgruppa
Ordførar og leiargruppene i kommunane
Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/Vigdis R. Vestad



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kari Mette Sundgot	Arkivsak nr.:	2018/2368
		Arkivkode:	151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/19	Fellesnemnd for nye Volda kommune	07.02.2019

UNIT4/AGRESSO - VOLDA 2020

Administrasjonen si tilråding:

Prosjektplan for Unit4/Agresso - Volda 2020 vert tatt til vitande

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Perspektivmeldinga frå 2017 og Statsbudsjettet for 2019 seier at innovasjon og digitalisering er viktig for å utvikle brukartilpassa tenester og effektivisere kommunane. Fellesnemnda har digitalisering som eitt av satsingsområda for nye Volda. Fellesnemnda vedtok i sak 30/18 å slutte seg til den interkommunale digitaliseringsstrategien for søre Sunnmøre. Under administrasjon og fellestenester er det ei målsetting at:

Kommunane på Søre Sunnmøre har eit eit godt samarbeid om dei fellesadministrative løysingane. Dette gjeld mellom anna felles sak/arkivløysing, økonomisystem og intranett. For å hente ut kompetansemessige og økonomiske gevinstar fram mot 2020 skal det

leggast planar for samling av avvikande løysingar. Tettare faglege samarbeid må utgreiast.

Tilsette skal ha effektive, brukarvenlege og trygge verky som stettar arbeidsflyten i organisasjonen. Data skal i størst mogleg grad kunne gjenbrukast mellom systema. Ein skal jobbe for å integrere mot andre grunnsystem og automatisere dei arbeidsprosessar der det gjev effekt.

Strategien byggjer på Storgingsmeldinga; Digital Agenda for Norge, samt KS sin digitaliseringsstrategi.

Fellesnemnda har tidlegare gjort vedtak om at nye Volda skal vere ein del av Søre Sunnmøre og Ikt-samarbeidet der. Volda kommune nyttar Unit4/Agresso som økonomisystem og vil halde fram med det i 2020. Ny kommune skal definerast i systemet og det er ønskjeleg at ny plattform skal ivareta arbeidsprosessar som både er automatisert, digitalisert og ikkje minst gir eit verktøy til våre leiarar som gjer kvardagen enklare med tanke på ressurs- og økonomistyring.

Med bakgrunn i dette er det sett ned ei prosjektgruppe som saman med Evry (leverandør) skal bygge ei ny plattform for den nye kommunen.

Saksopplysningar/fakta:

Volda kommune har nytta Unit4/Agresso i over 20 år. Systemet har heile tida vore optimalt med tanke på rekneskapen og på å køyre lønn. Det er ikkje optimalt med tanke på digitalisering og som eit godt verktøy ut mot sektor og leiarar.

Volda og Ørsta vart ein del av felles server med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre i 2014, men har ikkje tatt i bruk alle modular som ligg i databasen. Ein av årsakane til dette er at Volda ikkje har lik struktur i oppbygginga. I samband med kommunesamanslåinga er det eit ønskje om at vi nå får eit system som kan fungere optimalt. Vi har derfor tatt kontakt med leverandør for å få tilbod på ei oppbygging av nytt system basert på ein felles mal for fleire kommunar. Dette vil gjere at vi vil avvike mot dei andre kommunane i SSIKT, men vi vil få ei løysing som på sikt vil fungere meir optimalt. SSIKT er inne i vårt prosjekt og vil om dette lykkast arbeide mot å få dei andre kommunane inn mot same mal.

Formål

Å få på plass ei løysing med mal tilpassa best praksis for kommunesektoren. Denne løysinga skal støtte effektiv drift og informasjonsflyt i kommunen og støtte arbeidsprosessane med tanke på mest mogleg automatikk og digitaliserte løysingar.

Ein føresetnad for å oppnå dette er ei full ERP – løysing (økonomi, lønn og HR) der Evry sin oppsettmal for kommunal sektor ligg til grunn for implementering.

Økonomisk ramme

Det er definert eit investeringsprosjekt i Volda kommune i 2019. Økonomisk ramme er 2,2 mill kr og skal i tillegg til å få på plass programvare sikre ei brei kompetanseheving i begge kommunane.

Organisering av prosjektet

Det er sett ned prosjektgruppe med representantar frå både Volda- og Hornindal kommune og SSIKT:

Kari Mette Sundgot, økonomisjef Volda

Brita Solid, økonomisjef Hornindal

Sona Strieborna, rekneskap Volda

Berit Lyngstad, personalsjef Volda

Martin Dahl, personalsjef Hornindal
Bente Vatnehol, personal Volda
Paul-Ottar Tornes, prosessleiar digitalisering Nye Volda
Elisabeth Aklestad, fagkonsulent økonomi SSIKT
Hege Wold, fagkonsulent lønn SSIKT
Odd-Arild Djupvik, teknisk SSIKT

Kari Mette Sundgot er prosjektleiar frå Volda. Evry som leverandør har sett ned eigen prosjektleiar frå dei. Dette er Lene Rykkje.

I tillegg til prosjektgruppe er det sett ned eigne faggrupper der alle tilsette i kommunane er representert. Faggruppene har eigne fagansvarlege i kommunen og fagleg leiar frå Evry. Representantar frå prosjektgruppa er deltakar i kvar faggruppe.

Tekniske ressursar er sett ned både hjå leverandør og i SSIKT.

Ansvarsfordeling

Evry som leverandør har framdrifts- og leveranseansvar. I dette ligg planlegging, kvalitetssikring og oppfølging av aktivitet for å sikre nødvendig framdrift i prosjektet. Kommunen har ansvar for å ta dei nødvendige avgjersler som sikrar at vi får realisert leveransar i prosjektet.

Tidsplan

Løysinga skal vere klar i juni 2019 slik at budsjett/økonomiplan 2020-2023 skal arbeidast med her. Full drift vert 1. januar 2020. Milepælar og prosjektfaser vidare er:

Fase:	Tid:
Organisering og planlegging	01.01 – 15.01.19
Løysingdesign	07.01 – 08.03.19
Etableringsfase	09.03 – 06.05.19
Godkjenningsprøve	06.05 – 07.06.19
Driftssetting	10.06 – 31.10.19
Produksjonssetting	01.11 – 10.01.20
Ordinær drift	11.01 -

I løysingsdesignfasen skal det gjennomførast work-shop med kvar faggruppe. Dette skjer i veke 7 og 8. Løysinga frå mal skal då presenterast og avvik opp mot denne skal eventuelt vurderast av prosjektgruppe. Kommunen skal innan den 8. mars ha godkjent endeleg løysing. Gjennom denne fasen vil ein også gjere ei kartlegging av opplæringsbehov. Eigen oppglæringsplan skal utarbeidast både for stabseiningane og for brukarane i kommunen. Opplæring i stabseiningane vert gjennomført i godkjenningsfasen, medan opplæring i resten av kommunen skjer nærast mogleg ordinær drift.

Gevinstrealisering

Den nye løysinga har som formål å støtte effektiv drift og informasjonsflyt i kommunen og støtte arbeidsprosessane med tanke på mest mogleg automatikk og digitaliserte løysingar. I praksis betyr mellom anna dette at mykje av papirflyten vi i dag har skal vekk. I staden for å nytte mykje ressursar til dobbeltregistreringar, skal no data registrerast ein gong. Dette kan gjeld fråvær, feriar, permisjonar, ansettelsar, fakturagrunnlag, betalingar m.m.

Behovet for ressursar til registreringsarbeid vil på sikt verte redusert. Kvaliteten på registrerte data vert betre noko som igjen gir oss betre oversikt og dermed betre styringsverktøy. I den nye løysinga ligg også ein rapportpakke som vil gi leiarane oversikt over sine tilsette, mellom anna på sjukefråvær. Dette håper vi kan medføre at sjukefråværet på sikt vert redusert og dermed redusere kostnadane til dette.

I gjeldande økonomiplan er det lagt inn ein reduksjon på 3 mill kr knytt til kommunesamanslåing og digitalisering av arbeidsprosessar knytt til merkantile oppgåver. Ein av føresetnadane til dette tiltaket er prosjektet med nytt ERP-system gjennom Evry og Unit4/Agresso. Lukkast vi med å få vekk dobbeltregistrering og sikre betre styringsverktøy til leiarar vil vi på sikt få ledig kapasitet hjå merkantile ressursar både i stabseiningar og ute i sektorane. Denne ledige kapasiteten må takast ut gjennom omplassering til andre arbeidsoppgåver i kommunen, fasast ut gjennom naturleg avgang eller eventuelt ved direkte nedbemanning.

Utskrift av endeleg vedtak: